

Medietilsyn

2007
2008
2009
2010
2011
2012



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

INNHOOLD

Innsyn i Medietilsyn	5
Medietilsynets årsrevy 2009	6
Med mediekonvergens i lomma	8
Media meg her, og media meg der ...	10
Frå digital formue til digital verdiskaping	12
Digitalt fjernsynsparadoks på veg inn i framtida	14
Film... er framleis best på kino	16
Digitalt skuleløfte for digital dømekraft	18
Eit gjennomsnittleg annleisland i Europa	20
Sanninga er der ute, ein stad	22
Lokal lokalradio	24
Allmennkringkasting til alle og kvar	26
Frå pressa pressestøtte til mediestøttepress	28
Rivande medieutvikling — krevjande kompetansekrav	30
Framsynt Medietilsyn i mangfaldig mediemylder	32
Rekneskap og støttemidlar 2009	34
Tilbake til fremtiden	36
Polaris vokser mot vest	38

02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



INNSYN I MEDIETILSYN

«Medietilsyn» er eit påbygg til den pålagde og detaljerte årsrapporten, som kvart år blir send til Kulturdepartementet for rapportering om verksemda i Medietilsynet. Vona er at vi med «Medietilsyn» kan nå fram til ei litt breiare lesargruppe. Det finst vel knapt nokon i Noreg som ikkje på ein eller annan måte nyttar seg av eitt eller fleire medietilbod. Det er difor grunn til å tru at nokon og kvar kan finne saker av interesse for seg i denne trykksaka.



Her finn du informasjon, artiklar, intervju og betraktningar knytte til aktuelle mediespørsmål. Vi har valt å setje dette på trykk for at du skal kunne ta deg god tid ... i ei tid med dårleg tid. Nytt høvet til sjølv å fabulere over dei mange moglegheitene og utfordringane vi står framfor i åra som kjem. Det er du og eg som skal forme framtida, mellom anna gjennom våre val og vår bruk av media.

Medietilsynet er ein ung organisasjon med røter tilbake i det som den gongen heit Statens filmtilsyn, Eierskapstilsynet og Statens medieforvaltning. «Hovudmåla på medieområdet er å sikre ytringsfridom, rettstryggleik og eit levende demokrati» heiter det i Kulturdepartementet sin omtale av Medietilsynet sine oppgåver. Det finst ikkje noko meir verdifullt å arbeide for.

Ein ny organisasjon med nye oppgåver legg naturlegvis vinn på å utvikle ein god dialog med brukarane sine, anten det er bransjefolk, politikarar, byråkratar, medievitarar — eller du. Systematisk og målretta kommunikasjonsarbeid i offentleg verksemd er ei krevjande øving. Ein lyt ta mange omsyn til sakshandsaming og involverte partar, kunne skilje mellom fakta og meiningar, og samstundes også våge spranget ut i det ukjende for å sikre at medietilbodet tener både fellesskap og individ.

Den statlege kommunikasjonspolitikken opnar no for ei meir open tilnærming til det å kommunisere med ulike interessegrupper og brukarar. Det er eit høve vi ikkje skal la gå frå oss.

Ta deg også tid til å lese rapporten som er sendt til Kulturdepartementet på

www.medietilsynet.no

Beste helsing

Arnfinn Eide
Seniorrådgjevar
Kommunikasjon og samfunnskontakt

400 f.Kr. Den eldste avisa i verda er truleg den kinesiske Tsing Pao (keiserens nyheiter) som kom ut i Beijing i Kina rundt 400 f.Kr. der teksten blei skåren ut i treplater og deretter trykka.

1604 Verdens eldste trykte avis er Relation, som blei starta av Johann Carolus i Tyskland.

1763 Noregs eldste avis er Norske Intelligenz-Seddeler og kom ut i 1763, utgjeven av boktrykkar C.S. Schwach.

1814 Grunnlova sette eit endelig punktum for pressesensuren i Noreg, § 100 seier at «Ytrings-frihed bør finde Sted». Dette ga startskotet til ein meir samfunnskritisk avis- og bladflora, tildels i folkeopplysninga sitt namn.

1839 Schibsted ASA er Noregs største medie-konsern og blei grunnlagt av Christian Schibsted i 1839 da han starta ei lita verksemd som boktrykkar i Oslo.

1860 Då Aftenposten blei grunnlagt av Christian Schibsted 14. mai heitte den Christiania Adresseblad, men namnet blei enda til Aftenposten frå og med 1. januar 1861.

MEDIETILSYNETS ÅRSREVVY 2009

Januar

Medietilsynet informerer kulturadministrasjonen i kommunar og fylke og festivalar om fritak for førehandskontroll av kinofilm. I samband med festivalar og andre arrangement kan arrangøren søkje Medietilsynet om dispensasjon frå kravet om førehandskontroll av kinofilm som skal visast for personar under 18 år.



Søknadsfristen for lokalradio ute

Fristen for å søkje lokalradiokonsesjon gjekk ut 13. januar. Medietilsynet tok sikte på å leggje ut mellombels tal på søknader torsdag 15. januar.

Konsesjon til mobil-TV

Medietilsynet tildelte selskapet Norges mobil-TV AS mellombels konsesjon til å opprette og drive sendeanlegg for prøvesendingar med mobil-TV.

Februar

Grande Røys og Huitfeldt lanserte Trygg bruk-pakke

Statsrådene Heidi Grande Røys og Anniken Huitfeldt er sterkt engasjerte i arbeidet med å førebygge digital mobbing via Internett og mobiltelefon. Under Trygg bruk-dagen 10. februar lanserte dei Familiens trygg bruk-pakke frå Medietilsynet Trygg bruk.



Lokalradio: Konsesjonsperioden forlengt

Kultur- og kyrkjedepartementet bestemte at konsesjonsperioden for lokalradio skulle forlengjast med eit halvt år fram til 31. desember 2009.

Schibsted med 32 prosent av dagspresseopplaget

Medietilsynet sine utrekingar av eigarskap synte at Schibsted framleis var det klart største avis konsernet i Noreg med 32 prosent av dagspresseopplaget.

Mars

Medietilsynet gav Polaris grønt lys

Medietilsynet godkjende at Polaris Media kjøpte Edda Media sine aviser på Nordvestlandet: Sunnmørsposten AS og Romsdals Budstikke AS med dotterselskap.

Tildeling av konsesjonar til lokalradio 2009

Medietilsynet offentliggjorde konsesjonstildelingar til lokalradio etter utlysinga av lokalradiokonsesjonar og frekvensløyve 8. desember 2008 og på tidlegare NRK Klassisk-frekvensar 8. desember 2008 (Klassisk-utlysinga).

Farmandprisen til Medietilsynet

Medietilsynet blei tildelt bronse i Farmandprisens konkurranse om beste offentlege nettstad 2009. Prisen blei delt ut under ei festframsyning i samband med Webforums årlege konferanse i Oslo den 19. mars.

April

Digital kino i Medietilsynet

Medietilsynet var ferdig med installasjon av nytt digitalkinooutstyr og såg seg klar til å vurdere både 2-D- og 3-D- film i digitalkinoformat. Medietilsynet var dermed tidleg ute for å tene den raskt veksande marknaden.



Heldt ved lag opphevingsvedtaket i Medietilsynet

Kultur- og kyrkjedepartementet heldt fast ved opphevingsvedtaket Medietilsynet gjorde i fire konsesjonsområde for lokalradio. Medietilsynet kunne etter det fullføre tildelingsprosessen av allmennradio- og 24/7-konsesjonar i dei fire konsesjonsområda.



Endringar i kringkastingslova

Kultur- og kyrkjedepartementet la fram ein odelstingsproposisjon om fleire endringar i kringkastingslova, mellom anna med ein heimel for førehandsgodkjenning av NRK sine nye medietenester og forbod mot reklame på tekst-tv-sidene deira.

Mai

Lokalradiokonsesjon fullført

Medietilsynet offentliggjorde dei siste tildelingane for lokalradiokonsesjon. Konsesjonane gjeld for perioden frå 1. januar 2010 til 31. desember 2016.

Fjernar konsesjonskrav for sal av film

Kultur- og kyrkjedepartementet foreslo å oppheve ordninga med krav om konsesjon for å omsetje videogram (DVD, Blu-ray, Video On Demand, klikkefilm) og å endre regelen om alder på den personen som omset videogram til forbruker. Medietilsynet støttar i høyringssvaret sitt konklusjonane i departementet.



Tilsynsflytting er god distriktspolitikk

– Å flytte ut statlege arbeidsplassar er god distriktspolitikk, sa fornyingsminister Heidi Grande Røys etter å ha fått presentert ein rapport som evaluerte følgjene av å flytte ut sju statlege tilsyn.

Juni

Medietilsynet godtek sal av Schibsted-aksjar

Medietilsynet godkjende 10. juni ein avtale mellom Schibsted og Enskilda om sal av Schibsted sin eigarpost på 36,3 prosent i Polaris Media. Godkjenninga var eit ledd i Medietilsynet si oppfølging av vedtaket som Klagenemnda gjorde i Media Norge-saka.

Varsel sendt allmennkringkastarane

I Allmennkringkastingsrapporten konstaterte Medietilsynet ei rad med konsesjonsbrot i programtilbodet til dei kommersielle allmennkringkastarane i 2008. Somme av brota var av en slik art at dei blei tekne opp som eigne tilsynssaker.



Forbodet i vallova mot å offentliggjere valdagmålingar

I vallova § 9–9 er det forbod mot å offentliggjere valresultat og prognosar som er laga på grunnlag av undersøkingar ein har gjort den dagen eller dei dagane valet går føre seg. Medietilsynet fekk ved lovendring 8. mai 2009 i oppgåve å føre tilsyn med forbodet.

Juli

Klageførebuing om lokalradiokonsesjonar

Medietilsynet avslutta førebuinga av klagen i samband med tildeling av lokalradiokonsesjonar. Medietilsynet heldt fast på dei tidlegare vedtaka sine i alle klagesakene, og dei blei difor sende som innstillingar til Kultur- og kyrkjedepartementet for endeleg vedtak.



Vedtaket mot 15 lokaljernsynsstasjonar

Medietilsynet fatta vedtak mot 15 lokaljernsynsstasjonar for å ha vist politisk reklame før sommaren 2009. I vedtaket ble det lagt vekt på at den dommen i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) i den såkalla TV Vest-saka ikkje tok stilling til eit totalforbod mot politisk reklame i fjernsyn, men la føringar for ytringsfridomen til små parti.

NRKs valdekning

Valkampen var i full gang, og Medietilsynet orienterte om tilsynet med NRK si valdekning. NRK sine vedtekter blei endra i generalforsamlinga 29. juni 2009, mellom anna når det gjeld dekning av val.

August

Brot på vallova kan koste millionar

Medietilsynet varsla at dei ville følge nøye med på publiseringa av valstoff i media den 13. og 14. september. Målet er å hindre at veljarane blir utilbørleg påverka av tendensar og trendar som blir avdekte medan valet er i gang. Brot på forbodet kan mellom anna føre til lovbrøtsgebyr på drygt to millionar kroner.

Medietilsynet går imot massemedieregistrering

Medietilsynet gjekk imot forslaget til Persoverkommisjonen om at alle massemedium skal ha plikt til å registrere seg. Det bør være tilstrekkeleg at ansvarleg redaktør identifiserer seg på ein permanent, klar og tydeleg måte overfor brukarane av mediet, meinte Medietilsynet.

Medietilsynet vil stoppe barneporno

Medietilsynet har sidan hausten 2006 meldt ulike videogramdistributørar for antatt brot på straffelova § 204a, som gjeld framstillingar som seksualiserar barn. Sakene er utan unntak lagde bort av politiet. Medietilsynet tok kontakt med Riksadvokaten for å drøfte dette.



September

Åtvaring til TV 2

Medietilsynet konkluderte med at TV 2 hadde ein ulovleg premiepresentasjon i programmet Sommertid, som blei vist 10. juli. TV 2 fekk ein sanksjon i form av åtvaring for brotet.

«Bruk hue!»-kampanjen mot digital mobbing

Medietilsynet Trygg bruk lanserte «Bruk hue»-kampanjen saman med Røde Kors, Barnevakten og Telenor. Det er til no den største kampanjen i Noreg mot digital mobbing.



Harald C. Bjelke leiar for klagenemnd

Kongen i statsråd oppnemnde 4. september 2009 advokat Harald C. Bjelke jr. som leiar av ei uavhengig klagenemnd for klager på vedtak om gebyr etter vallova. Advokat Kyrre Eggen og stipendiat Kjersti Thorbjørnsrud er oppnemnde som medlemmer.

Oktober

Gebyr for brot på vallova

Kontroll av publiseringane i media ved Stortingsvalet 13. og 14. september 2009 avdekte eitt brot på reglane. Dagbladet offentliggjorde si valdagmåling for tidleg, og Medietilsynet ga eit gebyr på 40 000 kroner for brotet på vallova.



Etterlyste startmeldingar frå lokalradioar

Fleire lokalradioar med konsesjonar gjeldande frå 1. januar 2009 hadde ikkje levert oppstartsmelding til Medietilsynet. Oppstartsmelding er ei pliktig stadfesting på at konsesjonen er teken i bruk – og at radiosendingar er på lufta.



Medietilsynet om AMT-direktivet

Medietilsynet leverte si høyringsfråsegn til Kultur- og kyrkjedepartementet om gjennomføringa av direktivet om audiovisuelle medietenester (AMT-direktivet) i norsk lov. Medietilsynet peikar i fråsegna på ei rad praktiske konsekvensar gjennomføringa av direktivet har for tilsyns – og handhevingsverksemda.



November

Norsk medieøkonomi og eigarskap 2004–2008

Medietilsynets årlege rapport om utviklinga i medieøkonomien og eigarskapstilhøva blei publisert. Der slo ein fast at digitalisering og økonomisk handlekraft har lagt grunnen for store eigarskapsendringar dei siste fem åra.



Kartlegging av digital lokalradio

Etter mandat frå Kultur- og kyrkjedepartementet inviterte Medietilsynet i samarbeid med Post- og teletilsynet til ei marknadsundersøking knytt til spørsmålet om digitalisering av lokalradio.



Åtvaring til TV 2 Zebra

Medietilsynet konkluderte i eit vedtak at TV 2 Zebra har brote den såkalla vasskiljeregelen med framsyninga av to episodar i animasjonsserien South Park. Medietilsynet presiserte overfor TV 2 at skadevurderinga i denne saka gjaldt barn under elleve år.

Desember

«Bevar Hardanger» blei vurdert

Medietilsynet melde til TV 2 at sendinga av reklameinnslaget «Bevar Hardanger» måndag 30. november kom til å bli vurdert for eventuelt brot på reklamereglane for fjernsyn.

Velkomen som lokalradiokonsesjonær!

Det var den glade meldinga frå Medietilsynet, som sende brev til alle som har konsesjon til lokalradio med oppstart 1. januar 2010. Brevet inneheldt praktisk informasjon om mellom anna oppstartsmelding, sendetidsforhandlingar, prøvesendingar, konsesjonsoverdraging og om plikta til å opprette ein nettstad.



02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41

MED MEDIEKONVERGENS I LOMMA

Då eg var ung, kjøpte vi mjølk i kolonialen, kjøt hos slaktaren, fisk hos fiskehandlaren og grønsaker på torget. Og framleis liker vi spesialitetar. Men til dagleg blir det meste kjøpt på supermarknaden. Tanken slår meg når eg tek fram mobiltelefonen min. Visst kan eg ringje med han. Men eg kan òg ta bilete, høyre musikk, sende meldingar, surfe på Internett, laste ned filer og mykje anna. *Av Tom Thoresen.*

Telefonen er eit lite bilete på det som skjer i medie-verda; kor integrert det er, kor snøgt det går, og kor vanskeleg det kan vere å henge med, både for brukarar og forbrukarar, men òg for lovgjeving og tilsynsordningar. Skilnaden på før og no kan enklast oppsummerast med utviklinga av ei rekkje nye digitale medium og kanalar, som overgår alle framtidsdraumar vi hadde for ti-femten år sidan. Den gongen snakka vi om mediekonvergens, og korleis media kjem til å smelte saman med kvarandre, og at innbyggjarane sjølve etter kvart kom til å bli journalistar og formidlarar av nyhende. Vi er lukkelegvis i den situasjonen at det framleis er behov for journalistar, sjølv om mange av oss allereie har «mediekonvergens» i mange av dei duppe-dingsane vi til dagleg omgjev oss med.

Med utviklinga av nye elektroniske medium går alt så mykje raskare enn før, og konkurransen om merksemd frå dei potensielle lyttarane, sjåarane og lesarane er hard. Mange medium har då òg valt å publisere på fleire plattformer for å sikre at dei når publikum der dei måtte velje å vere.

Godt innarbeidde forventningar og krav til kvalitet og sanning er hardt pressa, og ofte handlar det om å vere fyrst med den beste saka. Med tilgangen på digitale kanalar er det mogleg å spreie nyhende på ein augneblink, også når det er feil eller villeiande opplysningar. Til overmål er det ofte også slik at om ein ikkje kan vere fyrst ute, så gjeld det å vere ein god nummer to.

Gjenbruk og kopiering av godt stoff er ikkje noko nytt, men tempoet i spreinga gjer at feil og misstydingar fort kan få eit lengre liv enn rett er. Med tilgang på mange ulike kjelder, medium og kanalar blir det stilt store krav til at mediebrukarane klarer å manøvrere seg fram til ei forståing av kva som er rett.

Difor blir det stadig meir naudsynt å skjønne media, vite korleis dei verkar, korleis dei er bygde opp, kven som eig dei og så vidare. Truleg treng vi alle betre mediekunnskap og mediekompetanse. Media literacy heiter det på framand. Eit moderne medietilsyn må leggje stadig meir vekt på arbeidet sitt nett her.

Å gjere media meir ansvarlege for eiga verksemd er eit viktig steg framover både for media sjølve og myndighetene. Norske medium har med Pressens faglege utval i årevis synt at sjølvjustis har noko for seg som reguleringsregime. Framveksten av mange nye medium og kanalar utanom den tradisjonelle avis- og kringkastingsverda fører med seg uklåre tilhøve for kva slag krav og forventningar vi skal ha til dei nye aktørane. Mange av verks- emdene og medarbeidarane har eit anna fagleg utgangspunkt enn den tradisjonelle journalisten, og det finst få lover som regulerer dei. Nokre meiner at regulering ikkje trengs, men mange meiner nok framleis at moral og etikk ikkje kan overlatast til kommersielle aktørar åleine.

Det er stor semje om at ein god norsk mediepolitikk er ein som arbeider for å sikre ytringsfridom, rettstryggleik og eit levande demokrati. Noreg lyt i denne samanhengen sjå utover eigne grenser og leggje merke til korleis andre land innrettar seg. Med den digitale tida kjenner ikkje media andre grenser enn dei språklege. I dei næraste åra skal Noreg som EØS-land innføre direktivet for audiovisuelle medietenester i lovgjevinga si.

Eit av dei sentrale verkemidla er at myndighetene og mediebransjen saman skal utvikle meir eller mindre frivillige reguleringstiltak, i tillegg til det vi vel å lovfeste. Ei betre regulering av dei nye media føreset dermed at det finst vilje og evne i bransjane sjølve til å ta eit felles ansvar for fagleg moral og etikk. Eg har tru på at det også er slik i Noreg, og at vi kan kome fram til ordningar som er til gagn både for media og publikum. Omsynet til publikum sine interesser og ønske skal vege mykje, og spørsmålet om kva slags samfunn vi ønskjer oss, må alltid vere rettleiande også for mediepolitikken. På den andre sida ønskjer vi mangfald i medietilbodet. Reguleringar som ikkje legg til rette for berekraftig økonomisk drift, er meiningslause.

Fundamentet for verksemda i Medietilsynet er at politiske myndigheiter har ansvaret for mediepolitikken, medan vi som tilsynsorgan må by på uavhengig, kompetent og sakleg saksbehandling innanfor regelverket.

1869 Dagbladet blei grunnlagt av Anthon Bang, med Hagbard Emanuel Berner som avisas første redaktør. I mange år kjend som den fremste, norske radikale kulturavisa.


1889 Dagens Næringsliv (forkorta DN) blei etablert i 1889 som avis for sjøfartsnæringa, og kom ut tidlegare under namnet Norges Handels og Sjøfartstidende, populært kalla «Sjøfarten».

1905 Den første norske filmsuksessen var filmen som viste Kongens ankomst til Noreg i 1905.

1906 Julaften 1906 stod Reginald Fessenden bak historias første kringkastingsutsending med hjelp av ein sendar frå Brant Rock, Massachusetts. Skip til sjøs kunne lytte til ei sending der Fessenden spelte O Holy Night på fiolin og leste frå Bibelen.

1908 Franske Émile Cohl lagde den første animasjonsfilmen "Fantasmagorie". Den er laga av 700 dobbelt-eksponerte teikningar og er nesten to minutt lang.

1911 "Under forvandlingslov" er en norsk stumfilm frå 1911. Den er den eldste kjende og bevarte norske filmen.



02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



MEDIA MEG HER, OG MEDIA MEG DER ...

... media overalt. Det etter kvart gamle omgrepet mediekonvergens frå seine nittiår har blitt røyndom. Vi må sjå innføringa av det europeiske AMT-direktivet (direktivet om audiovisuelle medietenester) i samanheng med at framtidsvisjonane allereie finst i mobiltelefonar, tv-apparat og pc-ar. – Lovgjevinga har undervegs ikkje klart å fange opp alle endringane i teknologien. AMT-direktivet søkjer difor å vere teknologi- og plattformuavhengig, seier rådgjevar Linda Andersen.

Eit stort tal medium konkurrerer no om merksemda frå publikum på fleire plattformer, med kryss-publisering og tenestetilpassing som kostnads-sparande arbeidsmåtar.

– Når ein ser at dei tekniske moglegheitene opnar for å publisere ord, bilete og lyd på tvers av kanalar og medium, er det grunn til å sjå nærare på korleis vi skal sikre like konkurransevilkår for alle aktørar, seier Linda Andersen.

Minimumsdirektiv

AMT-direktivet er eit minimumsdirektiv, og nasjonane kan kvar for seg vedta sterkare regulering. Det kan i visse tilfelle føre til at internasjonale aktørar kan oppleve forskjells-behandling, alt etter kva land dei har tilbod i.

– Mange nemner dette som argument for å leggje seg på minimumsdirektivet, utan å leggje til sær-skilde reguleringar for Noreg. Gjennomføringa av direktivet har vore på ei offentleg høyringsrunde, der aktuelle instansar og aktørar har hatt høve til å gje sitt syn på saka.

I samband med at Noreg i praksis har forbod mot det som blir kalla produktplassing, skal det sendast ut eit eige høyringsdokument for å sjå om det skal opnast opp for unntak for dette. Når dette er avklara, skal saka fremjast for Stortinget. Kva Noreg vel å gjere, er difor enno ikkje avgjort, men som EØS-land pliktar vi å gjere direktivet gjeldande i norsk lovverk.

Mykje tolkingsarbeid

– Det utfordrande med AMT-direktivet er at det skal tolkast dynamisk, og at svaret på kven direktivet skal gjelde for, endrar seg heile tida med endringar som skjer i medieverda, forklarar Linda Andersen. Det finst eit sett av vilkår som skal opp-fyllas før ei verksemd fell inn under lovgjevinga, men dette lyt tolkast i takt med at media, kanalar og teknologi utviklar seg.

Samstundes skaper dette store utfordringar for Medietilsynet, som skal føre tilsyn med at direktivet blir følgt.

– Mellom anna må vi kartleggje kven vi skal føre tilsyn med, og klarleggje om dei fell inn under norsk lovgjeving. Eit godt tilsynsarbeid kjem nok framleis til å krevje stikkprøver og etterkontroll, men vi kjem truleg etter kvart til å sjå at ein hovudoppgåve blir å rettleie om regelverk, og slik arbeide for å førebyggje regel- og lovbrøt, meiner Linda Andersen.

Auka sjølvregulering

– Dei som er avhengige av å framstå som seriøse og tillitvekkjande, kjem til sjå ein eigenverdi i å sortere under det nye mediedirektivet. Vi ser for oss eit tett og nært samarbeid med ulike bransje-organ, og eit alternativ som Kulturdepartementet no vurderer, er å innføre samregulering på somme område. Med samregulering grip vi som myndigheit berre inn om ordning ikkje fungerer godt nok. Det å gjere mediebransjen ansvarleg for eiga verksemd og syte for at han evnar det, kan bety mykje for den framtidige konkurranseevna deira

i ein felles europeisk marknad. Skal ein lukkast her, lyt tilliten til avsendar og attraktiviteten i tenestene vere stor.

Europeisk samarbeid

Det europeiske samarbeidet innanfor medie-regulering kjem til å få auka verdi i ei marknads-utvikling som i mange høve blir grenselaus. AMT-direktivet legg difor opp til bruk av ein konsultasjons- og verneprosedyre, mellom anna for korleis ein skal vende seg til myndigheitene i andre land når eit fjernsynsselskap i eitt EØS-land tilbyr fjernsynssendingar som i det vesentlege er retta mot publikum i eit anna land.

Mediebrukarane skal også i framtida bli verna mot mindre ønskelege verknader av medietilbod. – Ulovleg reklame, innslag som kan vere til skade for barn og unge, og reklame for usunn mat og drikke, er døme på felles utfordringar i Europa. I Noreg vil dette ikkje gje så mange endringar, men for fleire andre land betyr det at ein må syte for eit strammare reguleringsregime, trur Linda Andersen.

Mediekompetanse viktig

Tilbodet av audiovisuelle tenester kjem til å vekse seg større, og den kompetente mediebrukaren kjem med det til å hauste mange gevinstar. Ei av dei største utfordringane blir å syte for auka mediekompetanse blant dei som i første omgang ikkje klarer å gjere seg nytte av desse tilboda.

– Det er då også framheva som viktig i det audio-visuelle mediedirektivet, konstaterer Linda Andersen.

1913 Statens Filmkontroll frå 1913 til 1993.

1918 Industrialiseringa, folkevandring frå bygdene til byene, nedgangen i anal-fabetismen og den auka politiske bevisstheita bidrog sterkt til avisene si store ekspansjonsfase. I 1850 var det 40 aviser i Noreg, i 1918 var talet på titlar 250.

1920 Verdens første nyheitsprogram på radio blei sendt 31. august 1920 av stasjonen 8MK i Detroit, Michigan.

1920 Radioen sitt gjennombrøt i Noreg. Då høyrdes det så pent i radioapparatet: "Hallo hallo".

1921 Ei vaksengrense på 16 år blei innført på film.

1922 Verdas første regelmessige underholdningsprogram kom på lufta i 1922 frå Marconis forskingssenter i Writtle ved Chelmsford i England. Dette er også staden der verdas første radiofabrikk heldt til.

02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



FRÅ DIGITAL FORMUE TIL DIGITAL VERDISKAPING

– Den digitale formuen i Noreg veks i takt med ei forrykande teknisk utvikling. Verdien av formuen kjem berre til syne gjennom evna til å bruke den i dagleg verdiskaping. Difor er arbeidet med media literacy, eller digital mediekompetanse på godt norsk, avgjerande for kva plass nasjonen skal ha i eit digitalt verdsbilde. Rådgjevar Tone Gunhild Haugan er heller ikkje i tvil om at digital mediekompetanse får mykje å seie for i kva grad den enkelte av oss kan delta i den offentlege samtalen.

I mange samanhengar blir spørsmålet om digital kompetanse redusert til eit spørsmål om teknisk tilkopling og praktisk handtering. Etter kvart blir det vel så viktig å auke bevisstheita om verdien av og sanninga i all den informasjonen vi har tilgjenge til.

– Det å kunne lage si eiga meining bygd på kunnskap og budskapar frå ulike kjelder og media er ei krevjande øving, og forståing om mellom anna kjeldekritikk blir ein viktig ingrediens for eit godt resultat.

Minimumskrav til individet

Krava til kvar einskild kjem til å variere med liv, utdanning og bakgrunn, men med det til felles at ein knappast kan velje bort behovet for ein viss digital kompetanse. Å vite korleis ein skal få nye media og kanalar til å verke, er etter kvart ikkje nok.

– Ein må også vere stand til å gjere seg nytte av den informasjonen ein finn, på ein produktiv og god måte for både eigen og andres skuld, meiner Tone Gunhild Haugan.

Å gje tilstrekkeleg og rett informasjon er ei evigvarande plikt for alle aktørar i samfunnet, men særleg er dette eit krav til offentleg verksemd. Staten har difor ein eigen kommunikasjonspolitikk som skal sikre at vi ikkje går glipp av dette.

Ansvarlegging

– Vi må sjå på fordelar og ulemper med alle former for digital kommunikasjon ut frå kompetansen blant brukarane. Mange blir oppfordra til å velje digitale løysingar, men diverre ofte utan tilbod om hjelp til

å klare dette, meiner ho. Difor må vi ansvarleggjere innhaldsindustrien og dei private medieverksemdene, både for å sikre eit gagnleg tilbod, men også for å skape berekraftige vilkår for alle partar.

– Medietilsynet arbeider med å kartleggje den digitale mediekompetansen i befolkninga, og følgjer også nøye med på det europeiske arbeidet innanfor media literacy. Innføringa av det europeiske mediedirektivet i Noreg har dessutan som mål å syte for like vilkår for media, uavhengig av teknologi og plattformar.

Heilskapleg mål

I utgangspunktet har ingen plikt til å tileigne seg digital mediekompetanse, men det blir i praksis ikkje mogleg å klare seg utan.

– Det finst ingen klar politikk på området, utover at ein er svært oppteken av å verne barn og unge mot uønskte opplevingar gjennom dei nye media. Vi skal etter kvart leggje til rette for at politikk og tiltak på området kan knytast saman i ei heilskapleg forståing av korleis dei nye media best kan kome til nytte i eit demokratisk, rettferdig og mangfaldig samfunn, seier Tone Gunhild Haugan. Tilsynet skal arbeide på eit rådgjevande plan og kjem til å samarbeide med andre samfunnsaktørar som er engasjerte i arbeidet med digital mediekompetanse.

Digital dialog

– Potensiell tilgang på breiband er diverre ikkje det same som å nytte det, og undersøkingar tyder på at mange med både tilkopling og pc likevel ikkje nyttar desse reiskapane. Dei som i stor grad fell

utanfor, eller av ymse grunnar vel seg bort frå det digitale samfunnet, kan utvikle seg til å bli eit større problem, fryktar Tone Haugan. Det kan i verste fall skape digitale klasseskilje, men også representere eit demokratisk problem ved at borgarar står utanfor dei digitale møteplassane som både offentlege myndigheiter og private verksemdar tilbyd. Brukarmedverknad er ein av føresetnadene i staten sin kommunikasjonspolitikk, og inneber i praksis ein digital medverknad.

Rett og plikt

På sikt er det vanskeleg å sjå for seg at ein kan klare seg utan dei nye digitale media. Byggesøknader, adresseendringar, registreringsordningar og mange andre tilbod frå det offentlege føreset allereie ein viss digital kompetanse.

–Å vise til meir og detaljert informasjon på nettstader er alt vanleg, og kan etterlate mange i eit fragmentert informasjonsvakuum, trur Tone Gunhild Haugan.

Myndigheitene har eit særleg ansvar for å gje folk den kompetansen dei treng for å føle seg som fullverdig borgarar med tilfredsstillende grad av påverknadskraft.

– Særleg viktig blir det å kunne gje eit fullverdig tilbod til det vi omtalar som svake grupper, og som elles ikkje representerer nokon stor kommersiell marknad. Slik kan vi opne nye moglegheiter for verdiskaping, på heilt andre måtar og frå anna hald enn vanetenkinga vår fortel oss, konkluderar Tone Gunhild Haugan.

1925 29. april fekk Kringkastingsselskapet AS konsesjon til å sende radio på Austlandet. Etter denne dagen følgde heile landet etter, først og fremst storbyane. I oppstarten blei det sendt mykje musikk, og målgruppa for alle sendingane var dei som hadde radio.

1927 Den første suksess-filmen som var delvis presentert med lyd var den amerikanske "Jazzsongaren" frå 1927. Etter dette blei lydfilmen meir vanleg.

1929 Eldorado i Torggata var den første kinoen i landet som blei klargjort for lydfilm i 1929.

1931 "Den store barnedåpen" var Noregs første lydfilm og kom i 1931. Den har blitt ein klassikar og er basert på Oscar Braathens roman med same namn.

1933 Stortinget vedtok statsdrift av kringkasting i Noreg og oppretting av Norsk Rikskringkasting. Lova konkluderer: "Norsk Rikskringkasting skal ha einerett til å opprette og drive stasjonar og anlegg til kringkasting av munnlege meddelingar, musikk, bilete og liknande."

1936 Regelmessige TV-sendingar ble starta i USA, Storbritannia, Tyskland, Frankrike og Sovjetunionen for andre verdskrig. Det første TV-systemet med «vanleg» oppløysingsstandard (240 linjer eller meir) blei laget i England i 1936.

DIGITALT FJERNSYNSPARADOKS PÅ VEG INN I FRAMTIDA

Noreg har teke eit viktig steg inn i framtida med tilbod om digitale sendingar til alle som ser tv med vanleg antenne. Med dette har alle husstandar i Noreg også fått høve til å sjå alle tv-kanalane til NRK i tillegg til fleire andre kanalar, og med betre lyd og bilete. Skiftet frå analoge til digitale fjernsynssendingar ber også med seg nokre paradoks mange ikkje var budde på. Mellom anna er det til dømes slik at mange framleis ser på analogt fjernsyn trass i at det finst eit digitalt tilbod. – Alle husstandar kan i teorien sjå digitale sendingar, men av fleire grunnar gjer dei det ikkje i praksis, konstaterer Tor Erik Engebretsen, direktør for tilskott og utgreiing.

– Noreg har mange små kabelnett som førebels ikkje har funne det rekningsvarande å gje tilbod om digitale signal. Samstundes er det slik at mange husstandar med digitale kabelsignal er nøgde med det analoge tilbodet. Dei synest at bildekvaliteten er grei nok og har heller ikkje sterke ønske om noko utvida tilbod, seier Tor Erik Engebretsen.

Manglar standardar

– Mange gløymer at då ein for ti år sidan snakka om digitalisering av fjernsynstilbodet, var det moglegheitene for nye tenester det var mykje snakk om, meiner Tor Erik Engebretsen å hugse. Mellom anna blei det lova at ein skulle få eit nytt og betre tekst-tv, noko som framleis svært få har. Den viktigaste grunnen til at det har blitt slik, er at tilbydarane av dei digitale plattformene ikkje er blitt einig om standardar. Dermed stoppar mykje opp.

Suksess med litt bismak

– Dei store aktørane vil nok gjerne omtale overgangen til digital-tv som ein stor suksess, og dei skal ha rett i at mykje er bra med dette. Likevel er det slik at digital-tv-prosjektet i Medietilsynet sit med anna og ofte djupare erfaring med kva slags røyndom publikum har vore i, seier Tor Erik Engebretsen.

– Som uavhengig instans for eit ikkje-kommersielt informasjons- og rettleiingsprosjekt kan vi konstatere at til dømes mange eldre har slite med å finne ei god løysing for sitt fjernsynsbehov. Mange fann fram til informasjon frå prosjektet, men informasjonsstraumen var dominert av kommersielle aktørar som hadde sal av løysingar på dagsordenen. Dette gjaldt også der bransjen sjølv hadde etablert såkalla hjelpetelefonar.

– Undersøkingar synte at mange eldre tykte det var vanskelegare å bruke tv-apparatet enn før; til dømes fordi dei måtte bruke to fjernkontrollar. I tillegg er ikkje alltid dekodarteknikken stabil nok. Somme har opplevd at signal fell ut, særleg i det digitale bakkenettet, utan at vi veit kor mange som opplevde dette, konstaterer Tor Erik Engebretsen.

Meir og mindre

Aktørane klarte å gjennomføre utbygginga innanfor den tidsplanen som var sett, og alle fastbuande er no garantert å kunne sjå tre NRK-kanalar i tillegg til full distribusjon av NRK teiknspråk.

– For mange er det eit nytt og utvida tilbod samanlikna med at dei tidlegare berre hadde tilbod om den eine kanalen, NRK 1. Andre har fått eit dårlegare gratistilbod.

– For hyttenasjonen Noreg kan det også reknast som eit tilbakesteg at dekninga i somme område, og særleg i fjellet, har blitt dårlegare, meiner Tor Erik Engebretsen.

Mange som før kunne sjå fjernsyn gratis på hytta, må no ha ei eiga og abonnementsbetalt digital paraboløysing, sjølv om dei berre ønskjer å sjå på NRK.

Det er eit paradoks at ein på hytta kan ha full 3G-dekning for mobil og internettoppkopling, og at såkalla web-tv byrjar å bli eit reelt alternativ – sjølv om kvaliteten og utval kan vere litt ymse. Utviklinga går fort, og nye vanar kan bli skapte.

Konkurrerende løysingar

– Land som Sverige og England ligg langt framfor oss med omsyn til både kvalitet og utval i tilbodet av web-tv. Det er enda eit paradoks at det internasjonale tilbodet av gratis satellittfjernsyn har eksplodert, men likevel ikkje femner om gratis tilbod frå norske sendingar.

Marknaden i Noreg er samansett og liten, der få aktørar som TV 2, NRK og Telenor er dominerande med mange roller. Sjølv om mange husstandar i teorien kan velje mellom ulike leverandørar av tv-signal, opplever mange dette som vanskeleg i praksis. Tor Erik Engebretsen peikar på at det framleis manglar standardar som gjev sjåarane meir fridom og mobilitet i valet av kvar dei skal hente tv-signal, og som også gjev fridom i valet av kva slag kanalar dei skal abonnere på.

Meir omsyn i medietilbodet

– Det audiovisuelle mediedirektivet som skal innførast, gjev von om meir universell utforming av både teknologi og tilbod. Eg skal likevel nemne at vi allereie har mange høve til å gje hørsels- og synshemma eit betre tilbod, men førebels har vi valt å ikkje utnytte desse høva. Det er positivt at NRK Teiknspråk er utbreidd, men det er svakt at vi allment ikkje nyttar moglegheiter som alt ligg der. Til dømes kostar ei teneste som å omsetje teksting til syntetisk tale knappast noko.

– AMT-direktivet kan opne for eit positivt press for å legge til rette for menneske med funksjonshemmingar, og teknologien kan bli ein pådrivar i arbeidet for å fremje bruken, trur Tor Erik Engebretsen.

1940 Klokk 19.30 den 9. april erklærte Vidkun Quisling at Nasjonal samling (NS) hadde overteke styringa i Noreg. Tyskarane tok over alle media og innsette nazi-venlege redaktørar i avisene, medan NRK fekk sende ufarlige program og var direkte underlagt okkupasjonsmakta.

1940 Pressedirektoratet var ei avdeling av Kultur- og folkeopplysingsdepartementet mellom 1940 og 1945. Medan direktoratet skulle jobbe med organiseringa av avisene syrgde Presseabteilung for å forsyne avisene med innhald.

1941 Tyskarane beslagla nesten ein halv million radioapparat i Noreg. Det var berre tillete for NS-medlemmer å ha radio.

1942 Pressedirektoratet fekk i februar 1942 lov til å legge ned aviser og erstatte redaktør eller andre tilsette med nye medarbeidarar. På denne måten skulle ein lettare kunne styre innhaldet i avisene.

1942 17 svenske aviser gjekk saman og publiserte på same dag ein artikkel om norske motstandsmenn som blei fengslet og torturert av tyskarar for å unngå sensur. Alle dei 17 avisene blei beslaglagde.

1945 Etter andre verdenskrig var talet på aviser i Noreg meir enn halvert, frå 260 ved krigens start til 114 ved krigens slutt.



02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



FILM... ER FRAMLEIS BEST PÅ KINO

Sommaren 2011 er truleg heile 414 kinosalar i Noreg ombygde for digital kinovising – det er bokstaveleg talt verdsrekord. Noreg vil med det vere først ute med eit så omfattande digitalt kinotilbod. Også Medietilsynet tok mål av seg til å vere tidleg ute, og kunne tilby aldersgrensesetjing på digitale kinofilmar allereie i mars 2009.

– Det var relativt få digitale filmtitlar til å begynne med, men utover året tok volumet seg kraftig opp. På hausten voks det også fram ei bølge av digital tredimensjonal film. Distributørane har gjeve uttrykk for at dei er nøgde med at tilsynet var raskt ute med tilbodet, seier seniorrådgjevar Berit Andersen i Medietilsynet brukartryggleik. Kollega Ove Watne bekreftar og konstaterer at tilbodet no omfattar både digital 2D, 3D og tradisjonelle celluloidbaserte filmrullar.

Plasskrevjande teknikk

– For mange kinoar inneber digitalisering også at dei må byggje om eksisterande lokale, og det å få plass til det nye utstyret er ikkje utan vidare sjølvst. Somme kinoar har difor valt seg bort frå tradisjonell filmframsyning for å kunne satse på eit digitalt tilbod. Ein må vone at det i framtida også finst eit visst tilbod med framsyning av eldre filmar, og at mykje av filmproduksjonen i verda utanfor Hollywood i lang tid framover kjem til å handle om celluloid og ikkje digitale harddiskar.

Bra for små kinoar

Digitalisering opnar for at den same filmen kan synast på fleire kinoar enn før, og gjerne samstundes. Det aukar konkurranseevna til små kinoar, som no kan vise aktuell film samstundes som dei store, og med same lyd- og biletkvalitet. Fleire kan sjå filmane på same tid, og dei når truleg raskare fram til eit mettingspunkt i marknaden. Venteleg blir det difor også ei raskare utskifting av titlar, og kvar kino kan i større grad leggje opp vekeprogrammet sitt ut frå lokale variasjonar og i tråd med det som er mogleg i marknaden.

Kinofilm og kino

Ei av dei store endringane som kjem med digitalkino, er at ein kan vise fleire andre typar audiovisuelle underhaldningstilbod.

– Opptak eller direktesendingar av sport, opera, barnehagefilmar, konsertar og teater er berre nokre døme på kva som kan synast. Ein kan jamvel sjå for seg at det blir arrangert dataspelkveldar! Det er berre film som skal synast for personar under 18 år, som er underlagd førehandskontroll. Det er kinosjefane som har ansvar for å sikre at det som blir vist på lerrete, er i samsvar med lover og reglar, fortel Ove Watne.

– Distributørane kan vere skeptiske til denne utviklinga, og det er nok knytt til at kinosjefar kan kome til å skyve på filmframsyning til fordel for andre digitale tilbod. Sett frå kinoane sin ståstad kan desse andre tilboda også gje ei god inntening, trur Ove Watne.

Uklart lovverk

– Behov for innhaldsdefinert og ikkje teknisk basert lovverk er veksande, seier Berit Andersen. Det er uklart korleis kinosjefar skal handtere redaktøransvaret dei får ved framsyning av anna enn film. Lova om film og videogram er ikkje tilpassa digitale distribusjonsmåtar, og ho gjeld til dømes ikkje for direkte overførte sendingar til digitalkino. Parallell og direkte framsyning av film på fleire kinoar er meir å rekne for kringkasting til kinoar. Lova om film og videogram må gjerast om, slik at ho også femnar om nye distribusjonsmåtar.

Nyttar publikumspanel

Medietilsynet si oppgåve innanfor film og kino handlar først og fremst om innhald og aldersgrensesetjing.

– Det aukande tilbodet av 3-D-film har gjeve nye utfordringar. For å sikre ei jordnær tilnærming nyttar vi oss av eigne barne- og ungdomspanel. Tilbakemeldingane på korleis barn og unge opplever forskjellen på 2-D- og 3-D-film, kan tyde på at 3-D førebels handlar om effektane, og at dei i seg sjølve blir så påtakelege at det skaper ein ekstra distanse til det som blir vist, opplyser Berit Andersen.

Uløyste spørsmål

– Dessutan ligg det mange usikre og uløyste spørsmål knytte til den tredimensjonale teknikken. Nokre opplever å bli svimmel og uvel, og vi veit heller ikkje sikkert korleis utviklinga av synet hjå mindre barn påverkar opplevinga. Ein veit dessutan ikkje noko om korleis epileptikarar og andre utsette grupper toler dette. I tillegg er det ein stor del menneske som på grunn av manglande samsyn ikkje kan gjere seg nytte av tilbodet om 3-D, seier Berit Andersen.

– Teknikken kjem til å utvikle seg, og med erfaring og publikumsrespons finn ein nok etter kvart fram til former og løysingar som er tenlege for alle partar. Medietilsynet lyt etter kvart utvikle vurderingskriterium og sjå på filmar som blir lanserte både i 2-D og 3-D, som separate filmar som jamvel kan få ulik aldersgrensesetjing, konkluderer Ove Watne.

1945 Medlemmer av Hjemmefronten starta opp Verdens Gang (VG) igjen kort tid etter slutten på andre verdskrig.

1945 Fredssommaren 1945 blei Riksadvokatens Aviskomité oppnemnd og denne kom til at 45 aviser hadde tjent så mykje under okkupasjonen at dei måtte betale inn eit erstatningsbeløp.

1946 Regelmessige TV-sendingar starta i USA, og det blei vanleg blant amerikanarar rundt 1950.

1948 A-pressen blei etablert i 27. mai under namnet Norsk Arbeiderpresse. A-pressen eigde heilt eller delvis 50 lokal- og regionaviser samt tilhøyrande nettaviser og trykkeri, lokalfernysyn og lokalradio.

1951 Den einaste norske filmen som har vunne ein Oscar, er "Kon Tiki ekspedisjonen" av Thor Heyerdal i 1951.

1954 Filmsensuren blei delt i tre: barn (7 år), ungdom (12 år) og vaksne (16 år).

DIGITALT SKULELØFTE FOR DIGITAL DØMEKRAFT

– Når skular stengjer tilgangen til Internett, og bruk av pc blir bannlyst fordi lærarar er usikre og ikkje kompetente nok ... då har skulen eit problem. Digital mediekompetanse og bruk av ulike digitale media er felt ned i læreplanane som ferdigheitsmål. Om ein ikkje tilbyr opplæring i og bruk av digitale media, må skulesjef, rektor eller kommuneleiing syte for at det skjer, seier prosjektleiar Thomas Hepsø i Medietilsynets Trygg bruk-prosjekt.

– Barn og unge kan i framtida måtte lide for sviktande tilbod og tilfeldig handtering av dette kravet. Det å gå ut av skuleverket utan dugande kunnskap om digitale media, kjem i framtida til å bli samanlikna med det å ikkje kunne lese og skrive. Digital kompetanse og dømekraft blir nokre av dei viktigaste reiskapane for å kunne ta del i den offentlege dialogen, og eg kan vanskeleg sjå for meg korleis barn og unge skal kunne møte framtida utan at denne kunnskapen følgjer med i skulesekken.

Nasjonal koordinering

Trygg bruk-prosjektet er eit prosjekt delvis finansiert av EU. Samarbeid på tvers av landegrensene skal syte for at dei oppveksande generasjonane får ein trygg og utviklande mediekvardag. I Noreg er det Trygg bruk som er nasjonal koordinator for offentleg og frivillig innsats retta mot bruken av digitale media blant barn og unge.

Tidleg krøkast

Ein tidleg start er viktig for å ruste barn og unge som kompetente mediebrukarar, mellom anna for å førebygge såkalla risikoåtferd på Internett.

– No ser vi teikn til at barn heilt ned i fireårsalderen blir introduserte for digitale spel og bruk av Internett. Visst er det slik at dei lærer fort av kvarandre, men vi må ikkje redusere kompetanse-omgrepet til berre å gjelde den fysiske knappetrykkinga, åtvarar Thomas Hepsø. Skuleverket må saman med foreldre sjå til at dette også kjem til å handle om dømekraft, nettvetsreglar og utvikling av kjeldekritiske haldningar.

Ha tru på barn og unge

– Det verste vi kan gjere, er å ikkje ha tiltru til dei medfødde ambisjonane barn og unge har om å utvikle seg til gode menneske, meiner Thomas Hepsø. Vaksne med stort behov for å verne om sine egne, kan fort ende opp i eit misforstått overvåkingsamfunn. Tekniske løysingar og filtrering av innhald kan aldri erstatte aktiv deltaking, samtalar og grunnleggjande lærdom om skikk og bruk. Slik det er elles i livet også.

– Vi lever i eit stadig meir digitalisert samfunn, og vi må setje barn og unge i stand til å leve eit fullverdig liv på desse premissane. FNs barnekonvensjon slår fast at også barn har ytringsfridom og rett til informasjon. Tilgang til digitale verkøy er difor ei kjernesak, både fordi dei skal kunne nytte retten sin til ytringar og informasjon, men også for å halde skapartrongen levande.

Safer Internet Day

I det europeiske Trygg bruk-prosjektet har digital dømekraft stått på dagsordenen det siste året, og dette var også tema under den internasjonale Trygg bruk-dagen, som i Noreg blei arrangert i Drammen. Her fekk skuleelevar fortelje om sine erfaringar på området, og dei fikk òg høve til å stille viktige spørsmål til utdanningsminister Kristin Halvorsen.

– Ho blei utfordra på om det er flaks som skal avgjere kva slags tilbod barn og unge får. Ministeren lét det ikkje vere tvil om kvar vegen går: Digital dømekraft og digital kompetanse er ei viktig oppgåve i skuleverket, bekreftar Thomas Hepsø.

Fleire kampanjar

Det siste året har digital mobbing og personvern vore særskilte aktuelle tema knytte til barn og unge sin kvardag. «Du bestemmer» og «Bruk hue» har etter kvart blitt viktige kampanjar for både foreldre og skuleverk. Kampanjane handla om personvern, kjeldekritikk, nettmobbing, identitetstjuveri, skikk og bruk, lover og reglar knytte til bruk av Internett og mobiltelefon. Kampanjane omfatta bruk av skulebesøk, undervisningsmaterieil, film og direkte dialog, der både lærarar og elevar blei engasjerte.

– Den såkalla «Familiepakken» med informasjon og rettleiing om bruk av Internett for barn mellom seks og ti år blei riksdekkjande distribuert for to år sidan, men pakken er framleis etterspurd og brukt av lærarar som ønskjer eit undervisningsopplegg, foreldremøte eller temadagar.

IKT-senter i utdanninga

– Trygg bruk-prosjektet vonar at stafettspinnen for merksemd rundt skuletilbodet for barn og unge om mediekompetanse er gjeven vidare til det nyoppretta «Nasjonalt senter for IKT i utdanninga». Senteret skal ha ei nøkkelrolle i det vidare arbeidet med å skape ein meir systematisk innsats i skuleverket når det gjeld å utvikle digital kompetanse. Vi vil i ymse samanhengar ha overlappande oppgåver og saker og ser difor fram til eit tett og nært samarbeid, helsar Thomas Hepsø.

1954 Transistorradioen gjorde sitt inntog, og radioen blei også mobil.

1958 Noreg starta regulære prøvesendingar med fjernsyn.

1960 Kong Olav V erklærer fjernsynet offisielt opna i Noreg.

1960 Talet på kringkastinglisensar passerte ein million, og sendingane frå den norske kanalen nådde så godt som heile Noregs befolkning. Sendingane var vanlegvis sett saman av musikk, nyheiter, foredrag og underholdning.

1963 VG var den første norske avisa som gjekk frå fullformat til tabloid, og det blei umiddelbart ein suksess.

1969 Det blei innført tilleggsgrensar på 5 og 18 år i filmsensuren.



EIT GJENNOMSNITTLEG ANNLEISLAND I EUROPA

– Noreg er ikkje noko annleisland når det gjeld medieregulering. Somme har strengare reglar, andre meir liberale. Skilnadene går mest på at ein legg vekt på forskjellige verdiar og omsyn, meiner direktør for konsesjon og tilsyn, Gudbrand Guthus.

– På somme område har vi ikkje reguleringar i det heile, medan andre land på same område ser det som både sjølvstøtt og naturleg at ein skal ha regulering. Annleislandet er med andre ord på eit normalt europeisk nivå med omsyn til regulering av media.

Gudbrand Guthus representerer Noreg og Medietilsynet i fleire internasjonale forum for medium og medieregulering. Han fortel mellom anna at det i mange land er reglar om balansert framstilling i radio- og tv-program, der programskaparane lyt syte for at alle partar kjem til orde, og i same grad.

Likt og ulikt

– I mange land nyttar dei stoppeklokke for å sjå til at krav om balansert framstilling blir følgde. I Noreg har vi visse krav til at NRK har ei balansert dekning over tid, men overlèt elles dette til bransjen sjølv, som lagar reglar og vaktar desse gjennom bransjeorganet Pressens faglege utval, seier Gudbrand Guthus.

Til samanlikning har dei til dømes i Portugal ei ordning der staten tek imot alle klager om alle slags brot på reglar pålagde av myndighetene, med det som resultat at dei kvart år handsamar rundt 30 000 klager.

Krevjande fagområde

I Noreg er det Kulturdepartementet som svarar for den rådande mediepolitikken, men kompleksiteten og omfanget gjer det naturleg å ha eit eige medietilsyn som heilt og fullt kan halde seg orientert om både nasjonale og internasjonale tilhøve på medieområdet.

– Medietilsynet er òg viktig som nasjonal representant i det europeiske og internasjonale samarbeidet, noko som blir stadig viktigare i takt med at medietilbodet kryssar grenser og blir del av internasjonale trendar, seier Gudbrand Guthus.

Sponsing og reklame

Reglar om reklame, produktplassering og sponsorverksemd er jamt over strengare i Noreg enn i mange andre land. Innføringa av det europeiske regulativet for audiovisuelle medietenester (AMT) opnar for å liberalisere slike reglar, og det står att å sjå om dette får utslag i kva slags ordningar Noreg vel å gjere gjeldande.

– Det europeiske direktivet er eit minimumsdirektiv, og Noreg kan velje å ha ei strengare regulering. Mange av problema knytte til dette heng saman med at programproduksjon ofte er ei salsvare på kryss og tvers av ulike marknader, og sjølv om ein har forbod mot produktplassering, så vil publikum bli eksponert for slikt gjennom innhald som er laga i andre land, seier Gudbrand Guthus.

Shopping av mediemyndigheit

– Somme aktørar i Europa driv «shopping» av mediemyndigheit ved å flagge ut sendestaden sin til andre land. Det krev mykje av brukarar og publikum å forstå at til dømes tv-sendingar i Noreg ofte følgjer ulike regelsett, alt etter kva land dei blir sende frå. Eit aktivt og nært samarbeid mellom myndighetene i Europa er avgjerande for å sikre ein heilskapleg situasjon for media og publikum.

Farleg sjølvensur

Samarbeid i internasjonale fora gjer at myndighetene står betre rusta når ymse aktørar utøver press på eksisterande reglar.

– Mediemyndigheiter er sjeldan populære hjå media — dei ønskjer minst mogleg styring. På den andre sida er det slik at internasjonalisering også kan få uheldige følgjer for yringsfridomen. Enkelte programprodusentar kan kome til å drive utstrakt sjølvensur for å tekkjast fleire marknader, fryktar Gudbrand Guthus.

Digitalt mangfald

Den digitale utviklinga har opna for at det skal vere enklare å etablere fleire og betre medietenester, og med det også auka moglegheiter for å tilpasse tilboda sine til ulike grupper med funksjonshemming, til dømes svaksynte og døve. – Dette er allereie uttalte og tydelege krav i mange europeiske land. AMT-direktivet tek til orde for at ein kan stille strengare krav til slike tilbod.

AMT-direktivet ser framover og femner om sendingar på fleire plattformer. Det kjem likevel ikkje konkret fram kva sendingar som kjem inn under direktivet. Kriteria som skal nyttast overfor bransjar og aktørar, må tolkast, og forståinga av dette vil måtte endra seg over tid. Nokre vil nok finne krava tyngjande, medan andre vil sjå på det at krava er oppfylte, som eit kvalitetsstempel for at avsendaren er seriøs, truverdig og tillitvekkjande.

– Den digitale kvardagen blir mangfaldig, og direktivet legg difor vinn på å utvikle mediekompetansen i ulike brukargrupper, seier Gudbrand Guthus.

1969 Stortinget etablerte pressestøtta. Pressestøtte vart grunna med viktige av å ha eit bredt medieperspektiv som skal sikre pressa sin jobb som vaktbikkje i samfunnet vårt. Innunder dette ligg mellom anna det å sikre eit samfunn der yringsfridomen står sentralt.

1971 New York Times publiserte den 13. juni den første delen av den 7 000 sider lange dokumentsamlinga the Pentagon Papers (Daniel Ellsberg). I 15 dagar blei avisa hindra i ytterlegare publiseringar etter ordre frå Nixon-administrasjonen.

1971 Stortinget ga løyve til å gje andre enn NRK konsesjon til avgrensa kringkastingsverksemd. Det skapte grunnlaget for etablering av nærradioar i Noreg.

1973 Nyheitsprogrammet Dagsrevyen på NRK blei sendt i farger.

1978 Videospelaren begynte for alvor å gjere sitt inntog i Noreg. Det var rundt 6 000 spelarar i Noreg, og rundt halvparten av desse var å finne i private hushaldningar, medan resten var å finne på diverse institusjonar og TV-produksjonsselskap.

1980 Monty Python-filmen "Life of Brian" blei stoppa av Statens Filmkontroll grunna blasfemi. I Sverige blei den på ein augneblick marknadsført som «filmen som er så morosam at den er forboden i Noreg». Seinare same år slapp den gjennom sensuren.



02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



SANNINGA ER DER UTE, EIN STAD



Medietilsynet er som nasjonalt kompetanseorganisasjon ein viktig ressurs for både publikum, mediebransjen sjølv og politiske myndigheiter som skal leggje til rette for ein god mediepolitikk. Som uavhengig instans kan vi syte for å hente fram uhilda forskingsresultat og på bakgrunn av dette gje råd og rettleiing som er i samsvar med røyndom og erfaring — framfor tru og fordomar. Seniorrådgjevar Stian Lindbøl er heller ikkje i tvil om at kunnskap og kunnskapsformidling blir eit særskilt viktig bidrag frå tilsynsverksemda.

– I takt med medieutviklinga blir det ein kallar folkeopplysingsarbeid viktigare enn nokon gong før. Utviklinga av medietenester går så fort at det i praksis ikkje er råd å regulere alle tilboda før dei kjem på marknaden. I tillegg kjem det at tilboda no også blir utvikla av fleire nye aktørar som ein tradisjonelt sett ikkje har rekna med. Innføringa av det europeiske direktivet for audiovisuelle medietenester må sjåast i samanheng med denne utviklinga, seier Stan Lindbøl.

Heilskapleg medietilsyn

Aktuelle tema som personvern, økonomi, brukarrettleiing, rettstryggleik og ytringsfridom syner at Medietilsynet si oppgåve som heilskapleg kompetansesenter har noko føre seg.

– Det finst myndighetsorgan som tek for seg enkelte medierelaterte spørsmål, men Medietilsynet er åleine om å kunne syte for ei samla forståing av dette. Denne heilskaplege tankegangen femner om både nye og tradisjonelle medium, og tilsynsarbeidet blir etter kvart like plattformuavhengig som teknologien er venta å bli som følgje av mediesamansmeltinga.

Den samla fagkompetansen i Medietilsynet er bygd på eit fleirfagleg samarbeid mellom medie- vitarar, samfunnsvitarar, juristar, pedagogar, psykologar og økonomar. Verksemda produserer jamleg rapportar og undersøkingar som er høgt skatta både blant forskarar og andre myndigheiter. Av dei mest kjende og anerkjende rapportane er «Medieøkonomi og eierskapsrapporten» og

«Medietilsynets rapport om barn og digitale medier» / «Medietilsynets rapport om barn og digitale medium».

Tru og vitskap

– Interessant nok har undersøkinga om barn og digitale medium avdekt at redsla vår for at barn og unge skal møte farlege framande via Internett, i høgste grad er overdriven. Frå 2008 til 2010 ser vi ein reduksjon i negative opplevingar blant unge ved bruk av Internett, noko som stadfestar eit sprik mellom det dei unge opplever, og det dei vaksne trur dei unge opplever. Stian Lindbøl meiner dette er viktig kunnskap fordi vi på bakgrunn av dette kan rette tiltaka inn på andre tilhøve, som kanskje har større verdi og effekt enn orientering om redslar og farar.

Arbeidet i det som heiter Medietilsynet Trygg bruk, er retta inn mot å gje unge ein betre og tryggare mediekvardag, og arbeidet dreier seg difor om det positive dei kan oppnå gjennom bruk av nye digitale media og kanalar. Det har etter kvart synt seg at også vaksne treng å tileigne seg kunnskap om det nye medietilbodet.

– Barn og unge manglar ofte impuls kontroll overfor dei nye media, medan dei vaksne ikkje heilt har forstått samanhengen mellom digitale medium og uønskt spreing av personopplysingar, seier Stian Lindbøl.

Dialog og samarbeid

– Røyndomen skil seg ofte frå teoriar og finst berre der ute mellom publikum og aktørar. Dialog er ein effektiv måte å få kjennskap og kunnskap til det som skjer på. Arbeidet vårt må difor byggje på ideen om dialog, og om kva som er til det beste for både individ og samfunn. Ein konstruktiv dialog der både brukarar og bransjefolk kjem til orde, kan tryggje at naudsynte spelereglar blir haldne i hevd og slik leggje til rette for samregulering og ein godt balansert bransjeetik, seier Stian Lindbøl.

Medietilsynet arbeider heile tida med å vidareutvikle tilsynsmetodikken, og mykje tyder på at vi i framtida får ei mjukare orientering – med meir dialog og rådgjeving, framfor reglar, lover og sanksjonering. Eit slikt tilsyn krev at bransjen innrettar seg på ein ansvarleg måte.

Grenselause media

Forskning og utgreiing i Medietilsynet skjer i arbeidet mellom dei ulike fagområda og medarbeidarane. Trongen til å få dette inn i meir organiserte former aukar med tempoet og omfanget i medieutviklinga. Mengda av andre, og til dels lovpålagde oppgåver, krev til dagleg mykje merksemd og store ressursar. Det gjer det tidvis vanskeleg å sikre kontinuitet, ikkje minst når det gjeld å halde tritt med mediespørsmål på eit internasjonalt nivå.

– Media er etter kvart blitt grenseoverskridande, og skal vi lukkast med å gjere vår stemme høyrd i internasjonale avgjerder om medieutviklinga, må vi vere til stades, konkluderer Stian Lindbøl.

1980 Internett blei teken i bruk i akademiske miljø tidlig på 1980-tallet.

1981 VG blei landets største avis då den passerte Aftenposten i opplag.

1985 MP3 er eit komprimert filformat for lagring av lyd. Utvikla av det tyske Fraunhofer Institut Integrierte Schaltungen.

1987 Ny film- og videogramlov. Frå då av fekk kinoane fylgjande aldersgrenser: For alle over 7 år (4 år om dei er saman med foresette), 11 år (8 år med foresette) og 15 år (12 år med foresette).

1987 Den 30. august kom Morgenbladet ut som første norske dagsavis sidan 1919 med ei søndagsutgåve. Mange aviser har sidan gjeve ut søndagsaviser.

1987 DAB (Digital Audio Broadcasting) i Europa blir utvikla mellom 1987 og 2000 som ein del av EUs forskingsprosjekt Eureka 147.

LOKAL LOKALRADIO

– I hovudsak såg det ut til å gå rett veg ved årsskiftet 2009–2010, og dei fleste lokalradioane har også kome i gang med sendingane sine. Det har vore få sendetidskonfliktar, og ein kan seie at den nye konsesjonsordninga kan gje oss eit betre og meir strukturert lokalradiotilbod. Det seier rådgjevar Arve Lindboe om utdelinga av lokalradiokonsesjonar for perioden 2010-2015.

Arve Lindboe legg likevel ikkje skjul på at det framleis finst utfordringar og problem. Mellom anna må forståinga av omgrepet «lokalt innhald» forankrast i praktisk radiokvardag.

– Dessutan lyt ein finne fram til korleis samspelet mellom lokalradioaktørar og Medietilsynet skal utvikle seg med omsyn til rapporteringsplikt og tilsynsarbeid.

Tilsyn og metodar

Eigenrapporteringa frå lokalradioane skal vere lett tilgjengeleg på Internett, og ho er ein premis for at Medietilsynet skal kunne gjennomføre eit godt og rekningsvarande tilsynsarbeid. Vidare byggjer tilsynsarbeidet på at radiokanalane etter lova skal syte for kontinuerlege opptak av sendingane.

– Erfaringa er at aktørane har teke dette kravet på alvor. Medietilsynet ønskjer på si side eit tilsyn der ein i fellesskap med bransjen arbeider for å gje publikum det som har vore lova, ut frå dei ulike typane konsesjonar som blei lyste ut for konkurranse, seier Arve Lindboe.

Bransjen sitt ønske

Konsesjonsrunden var eit resultat av eit felles ønske om å rydde opp i tilhøva, som både for myndighetene og lokalradiobransjen sjølv var noko uoversiktlege. Forsøksperioden med lokalradio tidleg i åttiåra tok ikkje høgde for den pågangen som etter kvart kom. Interesse for å starte sendingar overgjekk fort talet på både tilgjengelege frekvensar og sendarar. Frekvensbruken frå prøveperioden blei aldri nullstilt, og ein bygde stadig vidare på det som fanst, med fleire og fleire omsyn å ta.

Driftstilhøva var usikre for kvar tilbydar, med mange problem knytte til deling av sendarar og frekvensar. Det var knapt med frekvensar, noko som er naturgjevne i spekteret frå 100 til 108 MHz på FM-bandet. Den fjelldominerte topografien vi har i Noreg opnar for fleire problem og moglegheiter med omsyn til frekvenstettleik.

– I tillegg er det sett opp klare sikkerhetsmarginar for støy mellom frekvensane, slik frekvensmyndighetene har bestemt. opplyser Arve Lindboe.

Tryggare driftsgrunnlag

Ei arbeidsgruppe sett saman med medlemmer frå lokalradioforbundet og frekvens- og konsesjonsmyndighetene, kunne i 2005 slå fast at stoda for lokalradiobransjen ikkje var særskilt god, og at ein trong å rydde opp. Bransjen var difor særleg oppteken av å få større sendeflater som kunne sikre eit jamnare tilbod med grunnlag for kommersielt sett sikrare drift. Saman med Post- og teletilsynet opna Medietilsynet for ein open konsesjonsrunde. Det var blei føresetta at aktørane skulle konkurrere om frekvensressursane på eit kjent, likeverdig og gjennomsiktig grunnlag, slik det er nedfelt i dei europeiske ECOM-reglane.

Plikter og rettar

– Dei mange omsyna laut ein samordne på ein annan måte enn tidlegare, der kultur, mangfald, ytringstilgjenge og breidde i tilbodet skulle koplant med ei forsvarleg frekvensforvaltning. Kriteria var mange og samansette, og bruken av skjønn fekk mindre rom, meiner Arve Lindboe. Oppsummert blei tildelinga av kommersiell lokalradio gjeven mot klare plikter i form av bod

på mellom anna lokalt innhald. Nisjeradioane har ingen slike plikter, men fyller ut biletet med sitt tilbod av sendingar knytte til ideelle og spesielle interesser.

– Det er ikkje til å kome forbi at det dukka opp både forvaltningsmessige og fordelingsmessige problem undervegs, men i det store og heile gjekk det meste bra. Ikkje uventa blei kivinga orientert om kommersielt interessante område med stor befolkning.

Digital radioframtid

– Det er ikkje urimeleg å tru at denne konsesjonsrunden også i praksis blir den historisk siste, seier Arve Lindboe. Med frammarsjen av Internett-basert IP-teknologi, og den komande utbygginga av digitalradio, meiner han at det tradisjonelle FM-nettet får god konkurranse frå meir kosteffektive plattformar.

DAB-nettet opnar for ei betre utnytting av frekvensspekteret og gjev rom for rundt fire til seks gonger fleire parallelle sendingar. DAB-alternativet heng saman med utviklinga av dei digitale radio- og fjernsynstenestene, og byggjer på same frekvens- og teknologistandard. DAB-nettet opnar for nye tenester, mellom anna moglegheiter for mobilfjernsyn.

– Mediekonvergens tek mange uventa vegar, og det omfattande tilbodet på fleire plattformar krev nok at kvar einskild brukar har tilstrekkeleg kjeldekritisk sans, stadfestar Arve Lindboe.

1987 TV3 hadde si første sending nyttårsaftan 1987. Det første skandinaviske programmet var Scene 3 (mellom anna leia av Rita Westvik), medan den første innkjøpte serien var Santa Barbara.

1988 TVNorge begynte å sende 5. desember og blei dermed den første heilnorske reklamefinansierte fjernsynskanalen. Gründarane bak TVNorge var Hallvard Flatland, Ola Grønvold, Erik Rynning og Ola Steinsrud.

1989 Nintendo lanserte Game Boy i 1989, som er eit handhelde videospelkonsoll, med spelet Tetris.

1990 Nettradio blir tilgjengeleg for pc i 1990.

1991 I 1991 blir World Wide Web, den første nettlesaren til, men skifter seinare namn til Nexus for ikkje å bli forveksla med World Wide Web.

1992 Digitale mobiltelefonar kom i marknaden, og Europa gjekk inn i andre generasjons mobiltelefoni (2G).



ALLMENNKRINGKASTING TIL ALLE OG KVAR

I desember 2009 gjekk TV 2 sin konsesjon som allmennkringkastar ut. Retten til riksdekkjande og statleg tilrettelagd distribusjon opphøyrd, og TV 2 blei friteken frå dei samfunnsoppgåvene dei hadde tatt på seg i rolla som allmennkringkastar. Samstundes fekk NRK i 2009 nye vedtekter som utvidar samfunnsoppdraget til å inkludere nye medietenester. – Det vil ikkje vere feil å seie at vi med dette har fått ein heilt ny allmennkringkastings situasjon, meiner rådgjevar Marie Therese Lilleborge.

Allmennkringkastarordninga har brei oppslutning i Noreg, og ho har relevans for dei fleste måla som blir sette i mediepolitikken. Målet med allmennkringkastinga er å syte for at heile folket skal få eit godt og allsidig programtilbod. Då TV 2 blei etablert som allmennkringkastar i 1992, og ikkje berre som kommersiell kringkastar, fekk NRK for første gong reell konkurranse på fjernsynsmarknaden.

Utviklande konkurranse

– Det var nok positivt for NRK å få konkurranse, seier Marie Therese Lilleborge. Ingen er i tvil om at dette førte til at utviklinga av NRK skaut fart. Vekslerknadene mellom ei offentleg og privat-finansiert allmennkringkasting har gjeve gode resultat for sjåarane. Utan TV 2 er allmennkringkastinga svekt, i alle fall med omsyn til volum, truleg også med tanke på mangfald i programutval og perspektiv på nyheitsformidling.

– I røyndomen er vi tilbake i ein situasjon der NRK åleine har ansvaret for å ta seg av smale grupper og tilby kvalitet og mangfald gjennom viktig innhald som kultur- og samfunnsdekning, og til dømes dokumentarprogram der gravande journalistikk står sentralt. NRK står no utan konkurranse om å tilby allmennkringkastings-innhald i fjernsyn, seier Marie Therese Lilleborge.

Utvida NRK-oppdrag

Utvidinga av allmennkringkastaroppdraget i 2009 tydeleggjer den unike rolla og dei unike oppgåvene

NRK har i det norske samfunnet. No er nettet inkludert i oppdraget, og NRK skal både gjere det eksisterande tilbodet sitt tilgjengeleg og nytte nettet til å formidle bakgrunnsinformasjon og fakta kring sendingane sine.

– NRK sitt oppdrag går utover det vi tradisjonelt oppfatar som allmennkringkasting, ved at NRK til dømes skal by på digitale tilbod som stimulerer heile folket til deltaking, seier Marie Therese Lilleborge. Dei kan òg utvide tilbodet sitt til å gjelde fleire tekniske plattformer. NRK blir såleis ein viktig nøkkel til arbeidet med å auke den samla digitale mediekompetansen i alle lag av folket.

Ansvarsfullt oppdrag

– Kontrasten til P4 og Radio Norge som allmennkringkastingsradioar er nokså stort. Dei har meir tradisjonelt innretta krav til programinnhald. Felles for alle allmennkringkastarane er det likevel at dei på botlinja skal syte for å styrkje norsk språk, identitet og kultur.

– Allmennkringkastarane tek vanlegvis oppdraget sitt på alvor, understrekar Marie Therese Lilleborge. Det er opplyftande å sjå at rekneskapen for programtilbodet byrjar å kome i balanse. Dei tek til etterretning dei tilbagemeldingane dei får frå Medietilsynet — og gjer noko med det. Radio Norge har til dømes etablert eit godt tilbod til barn, og P4 har styrkt kulturnyheitene sine i 2009.

– Undersøkingar syner at ei kringkasting som berre er kommersielt innretta, truleg fører til

mindre tilbod av kulturprogram og program for smalare lyttar- og sjåargrupper enn det vi som samfunn ønskjer. Ordninga med allmennkringkasting har difor også ei meining utover den reine distribusjonstankegangen. – Gravande og undersøkjande journalistikk, djupdykk i einskildsaker og mangfaldstankegang er naudsynte for eit samfunn som har opplyste borgarar som garanti for eit demokratisk styresett, meiner Marie Therese Lilleborge.

Allmennkringkasting for alle

– Det kjem alltid til å finnast grunnlag for å diskutere om vi treng ei allmennkringkastingsordning. Mange peikar på at vi har fleire tilbod om fjernsyn og radio enn nokon gong før, at tilbodet er overalt, og at allmennkringkastingsprinsippa kanskje ikkje lenger er naudsynte for å sikre alle eit godt tilbod. Ein kan godt snu på argumentet og seie at det nettopp er difor vi treng ei slik ordning. Allmennkringkastingsordninga har heile vegen hatt som mål at kringkastingsverksemda skal gå utover dei snevre rammene som kommersiell drift tillèt, med immaterielle verdiar som målestokk for å kunne spegle samfunnet, kulturen og demokratiet vi vil leve i.

Særskilt ansvar

– må utvikle tilsynsverksemda si i takt med endringar i mediebransjen, og særleg med omsyn til endringane i NRK sine oppgåver. Målet må vere å utvikle ein tilsynspraksis som aktørane kan vere førebudde på, og som dei kan rekne med, lovar Marie Therese Lilleborge.

1992 TV 2 starta sine sendingar etter vedtak frå Stortinget om at det skulle opprettast ein reklame-finansiert TV-kanal. TV2 er Noregs største kommersielle fjernsynskanal.

1993 Statens filmkontroll slår seg saman med Videogramregisteret og blir til Statens filmtilsyn (1993-2005).

1994 Online dagbøker, eller bloggar som dei blir kalla i dag, begynte i 1994.

1994 Warcraft: Orcs & Humans er et strategispill (sanntidsstrategispill) utvikla av selskapet Blizzard Entertainment, utgitt til PC og Mac i 1994.

1994 Statens medieforvaltning avløyste Nærkringkastingsnemnda.

1994 PlayStation (PS) er eit registrert varemerke for eit spelkonsoll frå Sony. Den blei lansert i Japan 3. desember 1994.



02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



FRÅ PRESSA PRESSESTØTTE TIL MEDIESTØTTEPRESS

– Kvaliteten på journalistikken i dei nye media blir nok etter kvart avhengig av at dei fagutdanna journalistane vel å også arbeide på desse plattformene. Framtida ber ikkje bod om anten eller, men heller om ein både og-situasjon. Seniorrådgjevar Sølvi Ellingsen har arbeidd med pressestøttespørsmål sidan 1976, og er veldig spent på kva som vil kome frå det oppnemnte mediestøtteutvalet.

– Eg vonar at framlegga ikkje øydelegg den ordninga som finst for avisene, men heller omfamnar nye og andre medium. Om den etablerte ordninga blir sterkt endra, trur eg det kan få alvorlege følgjer for den avisstrukturen vi har. Det er grunn til å tru at ein eventuell reduksjon i, eller bortfall av, støtteordninga kan truge mellom andre dei rikskdekkjande og meiningsberande avisene.

Produksjonsstøtta har vore, og er framleis viktig, for mange aviser. Jamvel om denne støtta ikkje har lukkast fullt ut med å sikre alle nummer to-aviser, har ordninga bidrege til at landet vårt kan skryte av å ha ei mangfaldig presse, meiner Sølvi Ellingsen. Samstundes har dei små lokalavisene hatt ein god framgang. På den måten har dei fylt ut det allmenne bildet av mangfald, og det i ei tid der det syner seg vanskeleg å etablere nye nummer to-aviser.

Differensiert dagspresse
Produksjonsstøtte er eitt av fleire tiltak under pressestøtta. Ordninga blei etablert i 1969. Ho femner i tillegg også om bruksretta medieforskning, samiskspråklege aviser, minoritetspublikasjonar, og også eit eige distribusjonstilskott for avisene i Finnmark.

– Målet er å halde ved lag ei differensierte dagspresse og å sikre lokal konkurranse på utgjevarstadane, fortel Sølvi Ellingsen. Bakgrunnen er at annonsemærknaden styrer seg inn mot dei større avisene, noko som fører til svikt i inntektsgrunnlaget for nummer to-avisene.

– I 2002 blei situasjonen ytterlegare forverra. Forskrifta om statleg stillingsannonsering fall bort. Det gav eit stort innteksttap som måtte kompenseraast gjennom produksjonsstøtteordninga.

Ny tid i avisene
– Det har blitt sagt i alle år at avisene snart kjem til å forsvinne. Mange år etter den første spådomen kan vi slå fast at avisene er meir seigliva enn som så. Aviser har mange kvalitetar som ikkje finst i andre media. Graden av lokal orientering mange aviser har, er for mange ei viktig kjelde til kunnskap og kjennskap om tilhøva på eigen heimstad.

– Brukarmønstrer mellom anna på nettaviser er meir flyktig. I nettavisene er det høgt publiseringstempo med kortsiktig horisont. Dei kan difor mellombels berre vere eit supplement til dei høva avisene har til fordjuping, meiner Sølvi Ellingsen.

Krysspublisering
Teknologiutviklinga og mediekonvergensen leier fram til ulike tilbod om såkalla lesebrett, der ein vonar å nytte seg av det beste med avisene og journalistikken gjennom enklare distribusjon og utvida funksjonalitet. Sølvi Ellingsen peikar på at avisene både kan og vil følgje med i utviklinga.

– I Noreg er avisene ofte eigarar av nettaviser. Ved å krysspublisere på ulike plattformer har eg stor tru på at dei vil vite å utnytte dei moglegheitene som kjem mellom anna med introduksjonen av lesebrett.

– Vanlegvis er det slik at mange av oss nyttar fleire medium; mykje fordi dei utfyller kvarandre og gjev ulike kvalitetar med situasjon og bruk, seier Sølvi Ellingsen. Avisopplaget går likevel svakt nedover kvart år, og lesevanane blant dei favoriserer ikkje lenger det trykte avismediet. Sett i lys av demokratiet ville det vere feil om ikkje også dei blir eksponerte for kvalitetsjournalstikk, anten dei vel det eine eller andre mediet. Noreg ligg likevel som nasjon framleis heilt i verdstoppen når det gjeld avislesing.

Minoritetsspråk
Tilskottet til minoritetsspråk har vore innretta på linje med andre aviser på papir. Ordninga kom på åttitalet, men utviklinga har synt at det har vore for kostnadskrevjande. Kulturdepartementet har sett ned ei eiga arbeidsgruppe som ser på dette i kjølvatnet av dei mange moglegheitene som opnar seg med dei nye media. Minoritetsspråklege lesar mindre avis og nyttar seg meir av tv og Internett.

Heilskapleg mediepolitikk
Mandatet for Mediestøtteutvalet seier at hovudmålet med økonomiske verkemiddel er å halde ved lag eit medie- og kultur mangfald som kan sikre befolkninga brei tilgang til nyheiter og samfunnsdebatt av høg kvalitet og redaksjonell standard.

– Det er eit signal om å sjå på endringar i mediepolitikk som noko heilskapleg, og i samsvar med den generelle utviklinga hjå både media og publikum, seier Sølvi Ellingsen.

1995 Pixar's Toy Story var den første dataanimerte langfilmen som blei lansert av Disney, og også den første fullstendig dataanimerte langfilmen i historia.

1995 Microsoft inkorporerer ein nettlesar for web i Windows – nettet får ein eksplosiv auke i trafikk og utbreiing og er framleis i vekst.

1995 Dei tre første nettavisene i Noreg kom i 1995; med musikkavisa Panorama, 1. mars, lokalavisa Brønnøysunds Avis 6. mars og Dagbladet.no 8. mars.

1995 MSN blei lansert 24. august 1995 samtidig med Windows 95.

1996 Nettavisen var den første norske nettavisa som ble etablert utan ei papiravis i ryggen. Nettavisen blei lansert 1. november.

1996 Dei første DVD (digital video disc) -spelarane og -platene var i november tilgjengeleg i Japan.

RIVANDE MEDIEUTVIKLING — KREJVJANDE KOMPETANSEKRAV

– Det er naudsynt for ein kompetanseorganisasjon som vår å sjå både fem og ti år framover i tid. Det audiovisuelle medie-direktivet formar krav om både breiare og djupare kompetanse. Medietilsynet arbeider difor jamt og trutt med å kartlegge kva slag kompetansebehov vi vil få i framtida, seier seniorrådgjevar Solveig Lind.

– Når vi har medietilhøva som hovudoppgåve, er vi nøydde til å dekkje mange ulike fagområde og disiplinar. Her trengst det både spesialistar og generalistar, og helst skal kvar og ein handtere begge rollene. Samstundes som vi arbeider med å heve den samla kompetansen, må vi òg vere på utkik etter utviklingstrekk som tilseier naudsynte endringar i knytte til medie- og teknologiutviklinga. Vi må ha ei minst like rivande utvikling som medieverda sjølv har, og det er inga lita utfordring, stadfestar Solveig Lind.

Samarbeid og legitimitet

– Somme endringar i media og kanalar er spådde lenge før dei skjer, medan mykje anna kjem som ei overrasking på både mediebransjen og oss. Solveig Lind er ikkje i tvil om at tilsynet sin legitimitet krev gode relasjonar med bransjen. Medietilsynet ser det difor som særskilt viktig å lukkast med å etablere ein god dialog til både bransje og fagfolk og med det bidra til løysingar som er ønskelege både for media og publikum.

Mykje tyder då òg på at vi i framtida kjem til å trenge nye og annleis måtar å regulere media på, mellom anna gjennom felles dialogmøte og andre former for samreguleringstiltak mellom myndigheter og bransjeorgan.

– I noka grad kan mediebransjen også tenkjast å ta meir ansvar for utøving av makta dei har, der vår oppgåve blir å leggje rette for at dei kan ta det ansvaret.

– Det førebyggjande reguleringsarbeidet krev at vi er i stand til både å lytte og forstå, forklare og

formidle. Slik trur vi at vi i lag med brukarane skal klare å finne fram til måtar å samhandle på, der det å skape og dele blir ei naturleg forlenging av den interne kvardagen vår.

Etablering og utvikling

Medietilsynet blei etablert i 2005 på tuftene av det som den gongen blei kalla Statens medieforvaltning, Statens filmtilsyn og Eierskapstilsynet. Meir enn halvparten av medarbeidarane er tilsette etter vedtaket om samanslåing og etablering i Fredrikstad.

– Etableringa av eit nytt tilsyn kravde noko meir enn berre å erstatte dei som fall frå i samband med samanslåinga, seier Solveig Lind.

– Det tek tid å rekruttere nye medarbeidarar, og det tek også tid å overføre erfaringar og historisk fagkompetanse. I 2009 kunne vi stolte seie at vi hadde medarbeidarar i alle planlagde stillingar, og som kvar for seg og samla sett dekte behova vi har med å løyse oppgåvene våre.

Myndiggjord og kompetent

Medieutviklinga krev fleksibilitet, og den einskilde medarbeidar lyt i høgare grad enn før taka sjøvstendig initiativ. – Myndiggjorde medarbeidarar inneber ansvar og plikter, men også takhøgde i faglege diskusjonar og rom for eiga utvikling, meiner Solveig Lind.

– Så må vi både som individ og fellesskap godt tåle at vi ikkje alltid kan få siste ordet, erkjenner ho. – Vi er sette til å forvalte eit statleg regelverk og

arbeider ut frå gjevne normer for kva som er ei god handtering av eit felles gode.

Rekrutteringstiltaka i regi av Medietilsynet har som mål å sikre samsvar mellom individet og tilsynet sine behov.

– Vi må syte for langsiktige og systematiske planar for kompetanseutvikling.

Medarbeidarar i Medietilsynet har i regelen god og formell utdanning på masternivå, men har likevel ei god forståing for at ny kunnskap er naudsynt for å henge med. Kanskje treng ein berre å bli betre på det ein allereie er god på, medan det i andre samanhengar gjeld å endre retning for å dekkje både eigne behov og dei behova arbeidsgjevar har.

Generasjonsskifte og mentorprogram

Medietilsynet er oganisert i ein områdemodell, der nærskylde fagoppgåver er skilde ut, men samstundes samla i eit fleifagleg samarbeid. Og, det er her samspelet mellom generalist- og spesialistkompetansen kjem til sin rett.

– Medietilsynet har tilsette med høg og tidkrevjande utdanning, og med det få unge medarbeidarar. I dei nærmaste åra står vi difor i noka grad overfor eit generasjonsskifte, der erfaringane frå ein lang og solid karriere skal overførast til yngre krefter. Vi har mellom anna tankar om eit eige mentorprogram. Behovet for medarbeidarar med rett kunnskap, evner, erfaring — og ikkje minst vilje — er høgt. Vi arbeidar difor langsiktig under eit munnhell om at vi skal vere ein spennande stad å byrje og ein utviklande stad å bli, avsluttar Solveig Lind.

1997 Eigarskapstilsynet blei oppretta. Eit uavhengig statlig organ som har til oppgåve å overvake eigarskap i media. Sikringa av yringsfridom og mediemangfald er viktige stikkord.

2000 Podkasting-konseptet blei foreslått, og teknologien gjort tilgjengeleg i 2001.

2001 Xbox er Microsoft sitt første spelkonsoll. Det blei lansert 15. november 2001 i USA.

2001 Den første iPod eininga blei lansert i oktober 2001.

2002 Flickr er ei Internett-teneste der brukarane kan laste opp fotografi og dele dei med andre brukarar. 2.0. Flickr er eid av Yahoo Inc.

2003 The Pirate Bay (TPB) starta – ei populær svensk torrentside. Sida kalla seg sjølv «verdas største BitTorrent-tracker».



FRAMSYNT MEDIETILSYN I MANGFALDIG MEDIEMYLDER

– Den fremste oppgåva vår er å arbeide for at ytringsfridom, demokrati og mangfald blir haldne i hevd som nokre av dei viktigaste verdiane i det norske samfunnet. Etableringa av Medietilsynet er eit svar på samfunnet sitt ønske om å regulere medieområdet, understrekar Aase-Gunn Engø, direktør for administrasjon og service.

– Den største utfordringa er ofte å skape allmenn forståing for at avgjerder i tilsynsverksemda er basert på noko meir og anna enn synsing. Arbeidet byggjer mellom anna på tolking av lover, reglar og offentlege utgreiingar, og er såleis krevjande både med omsyn til kompleksitet og kompetansekrav. Likevel ser det ut til å vere stor semje om at mediepoltikken i Noreg i det store og heile har vore bra, særleg med omsyn til mangfaldstankegangen i eit land med få innbyggjarar og spreidd busetjing.

Krevjande mediebruk

– Kontakten med dei som er sluttbrukarar av media, og gjennom dei også oss, kretsar mykje rundt omgrepet mediekompetanse. Informasjonsmengda er no så mykje større enn vi har vore vane med før, og det er ei utvikling som krev mykje av dei ferdigheitene og kunnskapane kvar brukar sit inne med. Mellom anna lyt ein i større grad sile informasjon og kunne utøve kjeldekritikk, samstundes som ein lyt setje seg inn i korleis ein nyttar det aukande talet på medium og kanalar. Det gjer at vi må satse meir på å stø sluttbrukarane med tilbod om aktuell kompetanse, for er det noko som er sikkert, så er det at teknologien kjem til å halde fram med å endre seg.

Internasjonal medieregulering

Den tekniske utviklinga går så fort at lovgjevinga i mange høve ikkje lukkast med å fange opp alt det nye som kjem.

– Vi er i ein overgangssituasjon der eksisterande lover kan seiast å vere prega av tida dei blei laga i.

Norsk lovgjeving på medieområdet er òg påverka av internasjonale tilhøve, særleg gjennom EØS-avtalen, som mellom anna krev at vi innlemmar det audiovisuelle mediedirektivet (AMT) i norsk lovgjeving. Det legg nye føringar både for bransje og myndigheiter. Medietilsynet står på terskelen til noko nytt som organisasjon med heilskaplege oppgåver innanfor det som kanskje er viktigaste tilsynsområdet som finst, meiner Aase-Gunn Engø.

Lover og reguleringar vil i tråd med AMT-direktivet bli meir teknologiavhengige, der tilsyn med innhaldet blir viktigast. – Kort sagt kjem omsynet til viktige samfunnsverdiar først; teknologien kjem i andre rekkje. Eit lovverk som er i takt med tida, gjev større respekt for lovene, trur Aase-Gunn Engø.

Tid for endring

– Ei meir tydeleg og klar rolle for tilsynsarbeidet står då også øvst på ønskelista mi, erkjenner ho. Med etableringa av Medietilsynet følgde det med ei rad oppgåver frå dei tidlegare tilsynsorgana. Tida er no kanskje moden for å sjå nærare på denne oppgåveporteføljjen. Endringar i oppgåver kan ein likevel først stadfeste etter at ein har sett på lover og gjort anna utgreiingsarbeid. Mellom annan lyt vi òg sjå på verksemda i lys av korleis tilstøytande etatar arbeider, og korleis overlappande oppgåver skal løysast.

Samregulering blir vanlegare

– Vår styrke ligg i rolla som ekspertar på medieområdet, der mykje av verdiskapinga vår er å leggje til rette for ei god og samfunnsteneleg utvikling i

medium som i ei eller anna grad er regulerte gjennom lover og direktiv, seier Aase-Gunn Engø. Samregulering, til dømes der aktørar og myndigheitene saman ser på etterleving av lovverk, er enno ikkje noko vanleg fenomen i Noreg. Mykje kan tyde på at dette og andre tilsynsmetodar kan vere aktuelle i framtida.

Medietilsynet Trygg bruk samarbeider til dømes med både offentlege etatar, bransjeorgan, foreldre og skuleverk, og har som mål å syte for ein trygg og god mediebruk blant barn og unge. Medietilsynet er i denne samanhengen ei kjelde til initiativ og fagleg kvalitetssikring, og arbeider som nasjonal koordinator for å hindre ei oppsplitting mellom ulike interesseorganisasjonar og myndigheiter.

– Dialog med medieaktørar krev at vi må finne fram til likeverd, men med ulike roller. Vi har kompetanse som både er sams og ulik, der vi som tilsynsverksemd har eit anna mandat enn dei, men har felles interesser i at lover og reglar blir respekterte og etterlevde.

Vernar om viktige verdiar

Medietilsynet må stadig justere både organisasjon og kompetanse for å fange opp endringar og nye behov i kjølvatnet av teknologiutvikling, lovendringar og internasjonalt samarbeid.

– Verdien av arbeidet vårt er ikkje alltid lett å forstå for folk utanfor, men den som ser utanfor landegrensene våre kan fort konkludere med at vi vernar om viktige verdiar, meiner Aase-Gunn Engø.

2003 MySpace blir grunnlagt – eit sosialt nett-samfunn, med over 100 millionar registrerte brukarar. Staden vert aktivt brukt av etablerte artistar og nye artistar utan platekontrakt.

2003 Skype er eit data-program som vert brukt til IP-telefoni. Skype blei grunnlagt i 2003 av svenske Niklas Zennström og danske Janus Friis, som også står bak fildelingsprogrammet Kazaa.

2003 TV 2 kjøpte Nettavisen og døypte om avisa til TV 2 Nettavisen, noko som i 2006 blei endra tilbake til berre Nettavisen.

2004 Ludicorp lanserte Flickr i februar 2004. Tenesta blei utvikla med hjelp av verktøy originalt lagd for Ludicorps Game Neverending, eit nett-basert MMOG (Massive Multiplayer Online Game).

2004 Alle filmar kan fritt synast fram om aldersgrensa er sett til 18 år.

2004 Facebook blei starta av Mark Zuckerberg, med hjelp frå Andrew McCollum og Eduardo Saverin. Nettsamfunnet har meir enn 350 millionar aktive brukarar på verdsbasis.



REKNESKAP OG STØTTEMIDLAR 2009

– Medietilsynet er ein betydeleg tilskottsforvaltar og administrerte ein samla tilskottsportefølje på i overkant av 319 millionar kroner i 2009. Løyvinga på vel 264 millionar kroner i pressestøtte til norske aviser er desidert størst. Utover pressestøtta delte Medietilsynet ut midlar til lokalkringkastingsformål, tilskott til forskning og etterutdanning på medieområdet, og driftstilskott til einskildføremål, fortel seniorrådgjevar og økonomiansvarleg Jon Stjernstedt.

– Medietilsynet blir finansiert over statsbudsjettet med midlar som Kulturdepartementet tildeler gjennom eit årleg tildelingsbrev.

– Driftsløyvinga utgjorde 42,7 millionar kroner i 2009. I tillegg til dette disponerte tilsynet vel 1,2 millionar kroner i inntekter, slik at den samla disponible utgiftsramma var på 43,9 millionar i 2009, mot 43,4 millionar kroner i 2008. Tilsynet sine inntekter omfattar midlar knytte til prosjektet om trygg mediebruk blant barn og unge i regi av EU og lønnsrefusjonar frå NAV, seier Jon Stjernstedt.

Rekneskapa for 2009 syner eit samla driftsforbruk på 43,86 millionar kroner, noko som inneberer eit positivt resultat (mindreforbruk) på i overkant av 40 000 kroner i 2009.

Tilsynet sine driftsutgifter i 2009 fordelte seg slik:

	2009	2008
Lønsutgifter	25 542	23 323
Av dette:		
Løn og sosiale utgifter (faste stillingar)	23 657	20 800
Ekstrahjelp	1 828	2 023
Andre lønsutgifter (styre, råd, andre honorar)	57	500
Varer og tenester	18 321	20 326
Av dette:		
Driftsutgifter	6 739	7 824
Reiseutgifter (møte, konferansar, seminar)	2 125	2 048
Konsulenttenester (fagområde, IKT)	3 998	4 938
Drift av lokale (husleige, reinhald, strøm, kantine mm.)	5 459	5 516
Sum utgifter (tal i 1 000)	43 863	43 649

Lønsutgiftene har gradvis auka dei siste åra og fortset å auke frå 2008 til 2009. I tal auka lønekostnadane frå fjoråret med vel 2,3 millionar kroner eller 9,5 prosent. Aukene var venta og heng

hovudsakleg saman med at dei 47,8 årsverka i verksemda var sysselsette gjennom heile 2009 i motsetnad til i tidlegare år. Noko av auken kjem av lønsoppgjere for 2009.

Driftsutgiftene gjekk ned frå 20,3 millionar kroner i 2008 til 18,3 millionar i 2009. Nedgangen på vel elleve prosent knytter seg særleg til mindre bruk av eksterne konsulenttenester og færre investeringar på utstyrssida samanlikna med 2008.

– Riksrevisjonen hadde i avsluttande revisjonsbrev for 2009 ingen vesentlege merknader til rekneskapa frå tilsynet og gjennomføringa av budsjettet.

Tilskottsmidlar

Tilskottsmidlane blir forvalta etter retningslinjer for kvar ordning og etter staten sitt økonomiregelvek for tilskottsordningar. Kulturdepartementet sette hausten 2009 ned eit utval som skal vurdere bruk av tilskottsordningar og andre økonomiske verkemiddel på medieområdet. Utvalet skal gje innstillinga si innan 1. januar 2011.

Oversikt over tilskottsløyvingar:

	2009	2008
Pressestøtte til aviser og publikasjonar	288 809	286 559
Av dette:		
Produksjonstilskott til dagsaviser	264 452	264 452
Tilskott til samiske aviser	21 627	18 877
Tilskott til minoritets- språklege aviser	987	1 743
Distribusjonstilskott til avisene i Finnmark	1 487	1 743
Tilskott til lokalkringkastingsformål	17 000	18 317
Tilskott til bruksretta medieforskning og etterutdanning	12 086	11 577
Driftstilskott til enkeltformål	1 445	2 409
Sum (tall i 1 000)	319 340	318 862

Gebyrinntekter

Medietilsynet kravde i 2009 inn vel 19 millionar kroner i avgift knytt til arbeidet med registrering av videogram og førehandskontroll av film som skal synast på kino, mot 20,4 millionar kroner i 2008. Gebyra blir kravde inn etter en bestemt sats, som årleg blir fastsett av Kulturdepartementet. I tillegg påla tilsynet gebyr for til saman 120 000 kroner for brot på regelverket om kringkasting.

Fordeling av gebyrinntekter:

	2009	2008
Gebyr	19 000	20 433
Av dette:		
Registrering av videogram	11 400	13 003
Førehandskontroll av film	7 480	7 430
Brot på regelverket om kringkasting	120	

(tall i 100)



2004 Vimeo blei lansert – ei sosial nettverkside der du kan laste opp, lagre og dele filmar - eit meir seriøst alternativ til YouTube.

2005 Medietilsynet er ein statlig etat under Kulturdepartementet. Oppretta 1. januar 2005 ved ei samanslåing av dei tidlegare etatane Eierskapstilsynet, Statens filmtilsyn og Statens medieforvaltning.

2005 YouTube er ein nettstad der brukarane kan laste opp, vise og dele videoklipp. Nettstaden blei grunnlagt i februar 2005 av tre tidlegare medarbeidarar i PayPal.

2005 Amerikanske Yahoo kjøpte Ludicorp og dermed Flickr i mars 2005. Alle servere blei flyttet frå Canada til USA i juni same år, og alt innhald blei dermed underlagt amerikansk lov.

2005 I september 2005 kjøpte amerikanske eBay opp Skype for ein pris på mellom 1,9 og 3,4 milliardar Euro, avhengig av selskapet si økonomiske utvikling dei komande åra.

2005 Wii er Nintendos neste-generasjons spelkonsoll. Wii blei første gang vist fram på E3-messen i Los Angeles 2005.

TILBAKE TIL FREMTIDEN

– I et fugleperspektiv kan vi nok si at mediene i 2009 har klart seg bra gjennom finanskrisen, selv om enkelte mediebedrifter sliter tungt. Med unntak for lokalkringkastingsområdet har det vært få nedleggelse, og det som har forekommet svarer til en naturlig og dynamisk avskalling og tilvekst av medier og aktører, mener rådgiver Bjørn Tore Østeraas. Mediene har dessuten selv bidratt til stabilitet i en tid med fall i annonse- og reklameinntekter.

Etter flere ekspansive år med god inntjening fra et eventyrlig annonse- og reklamemarked, har mediene blitt stilt overfor en situasjon med sviktende omsetningsgrunnlag. – Færre stilling ledig- og boligannonser er gode illustrasjoner på inntekter som både er konjunktursensitive og sentrale i avisenes økonomi. I tillegg til eierskapsendringer og sanering av gjeld, har mange medier redusert antall redaksjonelt ansatte. Om, og i hvilken grad dette påvirker kvalitetene i norske medier, er det vanskelig å si noe sikkert om. Medietilsynet er opptatt av mangfoldstankegangen, ikke bare i betydningen av antall medietilbud, men også bredde og kvalitet i det som formidles.

– En annen drivkraft bak innsparingene er knyttet til mediernes egenkapitalsituasjon. Gjennom lånefinansierte oppkjøp, har egenandelen blitt redusert. Da finanskrisen førte til kapitaltørke, og inntjeningen kanskje ikke svarte til forventningene, var innsparinger neppe til å unngå. Mediene er ikke på noen måte i særstilling her, det er helt vanlig å ekspandere i oppgangstider og gjøre innskrenkninger i nedgangstider, sier Bjørn Tore Østeraas.

Utenlandske eierinteresser

I Norge likebehandles utenlandsk og norsk eierskap. Andelen utenlandsk eierskap har vært stabilt over tid, selv om det i 2009 kan registreres en liten nedgang på grunn av Mecoms salg av aviser til Polaris. – Motivasjonen for eierskap i

norske medier varierer. Det finnes både finansielt og industrielt orienterte eiere. Det er for øvrig interessant at utenlandske eiere interesserer seg for noe så lokalt som lokalradio. Spørsmålet om norsk versus utenlandsk eierskap er for så vidt uinteressant så lenge eierskapet er orientert mot publisistiske kvaliteter, framholder Bjørn Tore Østeraas.

Plattformfri publisering

Lov om eierskap i medier har hatt til hensikt å ivareta en demokratisk mangfoldstradisjon i Norge, men omfatter bare delvis digitale medier. Med innmarsjen av digitale medier og kanaler kommer det nye utfordringer, der spørsmålet blant annet er om de tradisjonelle mediene skal betraktes forskjellig fra de nye.

– I Norge eies mange nettaviser av avishus, som utnytter stoff på tvers av de ulike publiseringformene. Det er fullt mulig å måle oppslutningsgrunnlaget for en nettavis gjennom antall unike brukere, på linje med avisenes opplagstall, radioenes lyttertall og fjernsynets seertall. Med økt utbredelse og vekst i de nye mediene begynner det å bli vanskelig å godtgjøre forskjellsbehandlingen, tror Bjørn Tore Østeraas. Det bør derfor være mulig å finne løsninger for å inkludere de nye mediene ved en eventuell revidering av medieeierskapsloven.

Ny radio- og fjernsynsvirkelighet

– På lokalkringkastingsområdet skjer det mye som det er viktig å følge med på. Tilbakeslagene for lokal-tv-stasjonene åpnet landskapet for den som kan komme opp med gode forretningsmodeller for en bedre, og mer varig inntjening på driften av slike medietilbud, mener Bjørn Tore Østeraas. Tildelingen av lokalradiokonsesjoner i 2009 ble en krevende oppgave både for søkere og myndigheter. Nye konsesjonstyper, endrede eierforhold og kamp om plass i et begrenset sendernet skapte mye usikkerhet.

– Denne usikkerheten må vi leve med en stund, fordi det vil ta tid å høste erfaringer og gjøre seg kjent med hvordan dette arter seg i praksis. Erfaringene bransjen gjør seg kan kanskje føre til endringer i både konsepter og virksomhetsorganisering. Det vil også bli spennende å se hva digitaliseringen av radio vil ha å si for mangfoldet.

Nye forretningsmodeller

På sikt kommer vi ikke utenom at mediebransjen vil måtte finne modeller for å tjene penger på digitalt innhold og distribusjon. Med innføringen av det audiovisuelle mediedirektivet vil bransjen stå overfor et nytt og mer omfattende reguleringsregime, som bygger på at mediekonvergens ikke bare vil bli, men allerede er situasjonen. Det utfordrer både oss og bransjen med tanke på hva dette vil ha å si for mediekonsumet og publikums håndtering av et allestedsnærværende medietilbud, konstaterer Bjørn Tore Østeraas.

2005 TV 2 Zebra er ein TV-kanal eigd av TV 2 og Telenor Broadcast Holding, som vert sendt over parabol- og kabelnettet. Den har konsesjon til å sende via digitale bakkesendarar. Kanalen starta sine sendingar 2005.

2006 Medietilsynet blei samlokalisert i Fredrikstad 20. mars 2006. Etatens første direktør er Tom Thoresen.

2006 16. juli kunngjorde YouTube at det kvar dag blir sett 100 millionar filmklipp på YouTube, og at 65 000 nye videoar blir lasta opp kvar dag.

2006 Spotify (av spot og identify) er eit svensk rettighetsbeskytta musikk-streamingprogram som gjev brukarane moglegheit til å lytte til spesifikk musikk.

2006 Twitter er eit amerikansk gratis nettsamfunn og en mikroblogging-teneste som let brukarane sende og lese andre brukarars oppdateringar (på engelsk kalla tweets), som er tekstbaserte meldingar beståande av inntil 140 teikn.

2007 TV-sendingane i Noreg byrjar å bli digitale.



Denne artikkelen med utførlig informasjon, tabeller og statistikk er tidligere publisert i "Medietilsyn – eierskap i norske medier 2009"

02
03
04
05
06
07
08
09
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40
41



Denne artikkelen med utførlig informasjon, tabeller og statistikk er tidligere publisert i "Medietilsyn – eierskap i norske medier 2009"

POLARIS VOKSER MOT VEST

En av de viktigste hendelsene på medieeierskapsfeltet i 2009 var Polaris' oppkjøp av Edda Medias aviser på Nordvestlandet, som med det utvidet sitt eierskap betydelig, sier rådgiver Marita Bergtun. Det interessante og viktige med denne hendelsen er at vi har fått fire relativt store aviseiere i Norge, slik at spredningen i eierskapet går lenger enn tanken bak medieeierskapsloven om minst tre større aviseiere.

Polaris nærmer seg ti prosent av opplaget på nasjonalt nivå. Dersom Polaris fortsetter å vokse, slik at alle de fire konsernene etter hvert kontrollerer minimum ti prosent hver, vil de på grunn av kryssseierskapsregler sannsynligvis ikke kunne kjøpe hverandre.

Mangfold versus få

Polaris' oppkjøp på Nordvestlandet flyttet eierskap og dominans fra ett stort konsern til et annet. Generelt har utviklingen de siste årene vært at konserner kjøper aviser fra små lokale eiere. I 2009 kjøpte eierselskapet til Nationen, Tun Media, avisa Valdres. Også mediehuset Mentor Medier, som blant annet gir ut Vårt Land og Dagsavisen, har hatt vesentlig ekspansjon de senere år. Med de nye eierkonstellasjonene har vi fått færre små eiere, men samtidig flere sterke eiere.

Situasjonen tatt i betraktning, tror vi en slik industriell eierskapstilnærming vil gi en mer stabil situasjon for både bransje og publikum. Det vil fortsatt kunne diskuteres om dette bidrar til eller reduserer mangfoldstankegangen, erkjenner Marita Bergtun. Et sterkt og langsiktig eierskap er i alle fall en forutsetning for en bærekraftig utvikling. Mangfoldstankegangen er kanskje vel så truet av trangere vilkår for journalistikkens muligheter til å formidle saker på faglige premisser – framfor kortsiktige kommersielle og trendsettende premisser. Det er forhold mediene selv må håndtere, fastslår Marita Bergtun.

Media Norge i boks

For Medietilsynet var det i 2009 også viktig at det nye mediekonsernet Media Norge kunne realiseres. Rådgiver Marita Bergtun peker på at saken var kompleks, og at det var mange hensyn å ta.

Vårt ansvar som tilsynsvirksomhet er å sikre at slike etableringer skjer i tråd med loven om eierskap i medier. Samtidig skal vi ikke være til unødig hinder for at aktører skal kunne arbeide for en forretningsmessig interessant eierskapsutvikling i det norske medielandskapet. Disse hensynene skulle komme til å utfordre hverandre i tiden som fulgte, etter at planene om Media Norge ble kjent.

Prosent og promiller

Medietilsynets vurderinger av Media Norge-etableringen berørte spørsmål om grenseverdier i medieeierskapsloven. – Loven om eierskap sier blant annet at ingen ved oppkjøp skal få kontroll over mer enn en tredjedel, altså 33,3 prosent av oppslutningen i et mediemarked, forklarer Marita Bergtun. Imidlertid har det vært usikkerhet om hvor absolutt denne grensen skal forstås, sett i lys av eierskapet i digitale medier som ikke er underlagt slike grenser i loven.

Krevende prosess

Problemstillingen ble behandlet i Klagenemnda for eierskap i media, deres vedtak stilte krav om at Schibsted måtte selge seg ned i Adresseavisen og HTG før vi kunne gi klarsignal om etablering av konsernet. Vedtaket ga videre Medietilsynet et særlig mandat til å føre tilsyn med salgsprosessen, og påse at kjøperen var uavhengig av Schibsted-konsernets eierskapsinteresser.

Tilsynet har derfor arbeidet mye med å behandle informasjon om potensielle kjøpere. Finanskrisens inntog gjorde det på ingen måte enkelt for Schibsted å finne en kjøper. Vår oppgave har imidlertid ikke vært å finne en eier, men å kontrollere at kjøperen oppfylte fastsatte juridiske krav, og at handelen skjedde på et forretningsmessig korrekt grunnlag,

forteller Marita Bergtun. Med salg av aksjer til Skandinaviske Enskilda Banken AB (SEB) ble det endelig mulig å realisere Media Norge-planene.

Lokal-tv-stasjoner slukkes

Eierskap i medier omfatter også radio og fjernsyn, og finanskrisen antas å være en viktig årsak til en rekke nedleggelse av lokal-tv-stasjoner. Flere mediehus har solgt seg ut for å redusere sine kostnader og vende tilbake til sine opprinnelige kjernevirksomheter. TV 2 solgte seg i fjor ut av radiomarkedet ved å avhende sin eierandel på 23 prosent i Radio Norge.

Nettavisene har også blitt gjenstand for eierskifter. NA24 og Kampanje ble overtatt av medarbeidere, mens Nettavisen ble solgt av TV2 til selskapets egne eiere, Egmont og A-pressen. Medietilsynet fører tilsyn med eierskapet i elektroniske medier, men har ikke anledning til å gripe inn mot oppkjøp.

Lovmessig fornyelse

Tatt i betraktning, at loven skriver seg fra en annen tid, byr det endrede mediebildet i lov- og forvaltningssammenheng på mange utfordringer. – Det er varslet fra politisk hold at man vurderer å endre loven om eierskap i medier, så vi er spent på hva slags endringer dette måtte medføre. Sikkert er det at mediehverdagen er endret, ikke bare for bransjen selv, men også for mediebrukerne. Den enkeltes mediekompetanse begynner å bli avgjørende for graden av deltakelse i den offentlige dialogen. Den økte ytringsadgangen krever innsikt i en ny etikette, og særlig i den voksne delen av befolkningen, som ikke er vokst opp med disse mulighetene fra barnsben av, tror Marita Bergtun.

2006 Adresseavisen, Bergens Tidende, Fædrelandsvennen og Stavanger Aftenblad legg om til tabloidformat.

2007 Yahoo la ned sin egen biliedelingsteneste Yahoo! Photos 20. september for å satse helt på Flickr. Det rekna med at tenesta har over 10 millionar brukarar.

2008 I august 2008 var YouTube rangert som det tredje mest besøkte nettstedet av Alexa.

2008 NRK sendte eit program i HD-kvalitet for første gang 8. august, da opningsseremonien (og avslutningsseremonien) frå sommar OL 2008 i Beijing i Kina blei sendt.

2009 I oktober 2009 hevda YouTube-gründer og sjef Chad Herley at nettstedet hadde godt over ein milliard videovisningar om dagen.

2010 iPad er ei notat-blokk-PC (tablet) frå Apple, som blei lansert 27. januar 2010 av Steve Jobs på en pressekonferanse i Yerba Buena Center for the Arts i San Francisco.



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

Adresse: Nygata 4, 1607 Fredrikstad
Telefon: 69 30 12 00
Telefaks: 69 30 12 01
E-post: post@medietilsynet.no
Internett: www.medietilsynet.no
Org. nr.: 974 760 886